Høgskulen på Vestlandet

HVL-rapport nr. 9
2020

# Samkøyring og utvikling av bachelorutdanningane i sjukepleie ved HVL

Hanne Marie Heggdal og Dagrun Kyrkjebø

© Hanne Marie Heggdal og Dagrun Kyrkjebø

Fakultet for helse- og sosialvitskap
Institutt for helse- og omsorgsvitskap

Høgskulen på Vestlandet
2020

HVL-rapport frå Høgskulen på Vestlandet nr. 2020-9

**ISSN** 2535-8103
**ISBN** 978-82-93677-26-0

Utgivelser i publiseres som Creative Commons* og kan kopieres fritt og videreformidles til andre interesserte uten avgift. Navn på utgiver og forfatter(e) angis korrekt.
http://creativecommons.org/licenses/by-nc-sa/4.0/deed.no

# Samandrag

Rapporten omhandlar erfaringar og resultat av prosjektarbeidet samkøyring og utvikling av bachelorutdanningane i sjukepleie ved fakultet for helse- og sosialvitskap ved HVL. Arbeidet munna ut i ein ny studieplan for bachelor i sjukepleie som vert implementert frå hausten 2020.

EMNEORD: sjukepleie, studieplanarbeid, utdanningsleiing, pedagogikk, prosjektorganisering

# Innhald


Samandrag ..... 3

Innhald ..... 4

Innleiing ..... 6

Bakgrunn for prosjektet ..... 7

Status ved prosjektstart ..... 8

Samkøyring og utvikling av bachelorutdanningane i sjukepleie ved IHO ..... 9

Prosjektorganisering ved IHO ..... 10

Bachelor i sjukepleie ..... 10

Arbeidsprosessen ..... 11

Ny studieplan ..... 14

Plassering av læringsutbytta frå dei nye forskriftene ..... 14

Studentane si arbeidsbelastning i dei ulike emna ..... 17

Første studieår ..... 17

Andre studieår ..... 19

Tredje studieår ..... 21

Pedagogiske metodar ..... 23

Undervisnings- og læringsformer ..... 23

Obligatoriske læringsaktivitetar ..... 24

Vurderingsformer ..... 25

Koplingar til relevante fag og forskingsmiljø ..... 27

Internasjonalisering ..... 28

Samarbeidsavtalar med eksterne samarbeidspartar ..... 31

Kvalitetssikring og implementering av ny, felles studieplan ..... 33

Kvalitetssystemet ..... 33

Roller og ansvar ..... 33

Utdanningsleiing ved studieprogrammet ..... 33
Studieprogramråd ved studieprogrammet ..... 36
Opplæring av emneansvarlege ..... 36
Erfaringar med prosjektarbeidet ..... 38
Tilrådingar for framtidig arbeid: ..... 39
Litteratur ..... 41
Vedlegg 1 ..... 42
Vedlegg 2 ..... 43
Vedlegg 3 ..... 44

# Innleiing

Stortingsmelding 13, Utdanning for velferd (Kunnskapsdepartementet, 2012), presenterer bakgrunnen for innføring av nytt styringssystem av dei helse- og sosialfaglege utdanningane i Norge. Utdanningane vart sagt å vere for statiske, og tenestene hadde ikkje nok innflytelse på innhaldet i utdanningane. Styresmaktene meinte at det var behov for betre styring og andre mekanismar på nasjonalt nivå. I tillegg burde kandidatane førebuast på framtidige arbeidsoppgåver og arbeidsmåtar på ein annan måte enn tidlegare. Med dette som bakgrunn vart det nye styringssystemet innført. Styringssystemet inneheld følgande element:

1. Universitets- og høgskulelova (Kunnskapsdepartementet, 2005) gir heimel for fagleg styring av utdanningane gjennom rammeplanar
2. Forskrift om felles rammeplan for helse- og sosialfagutdanningar (Kunnskapsdepartementet, 2017a). Rammeplanen fastset felles formål og felles innhald for alle grunnutdanningane. Den set også rammer for arbeidet med retningslinjer for kvar enkelt utdanning
3. Retningslinjer for den enkelte utdanninga - RETHOS (Kunnskapsdepartementet, 2019a)

I forkant av endringane med nytt styringssystem kom strukturreforma i høgare utdanning der måla var utdanning og forsking av høg kvalitet, robuste fagmiljø, god tilgang til utdanning og kompetanse over heile landet, regional utvikling, verdsleiande fagmiljø og effektiv ressursbruk (Kunnskapsdepartementet, 2015). Som ein følge av dette fusjonerte Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskulen i Sogn og Fjordane frå 01.01.2017 til Høgskulen på Vestlandet (HVL). Endringane i styringssystemet for dei helse- og sosialfaglege utdanningane og strukturreforma i høgare utdanning har på denne måten ført til store endringar i utdanningssektoren.

Denne rapporten vil særskilt skildre korleis Institutt for helse- og omsorgsvitskap (IHO) i Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS) ved HVL har organisert arbeidet med samkøyring og utvikling av bachelorutdanninga i sjukepleie.

## Bakgrunn for prosjektet

Gjennom arbeidet med fusjonsplattforma for HVL vart det gjennomført omfattande utgreiingsarbeid. I prosjektet «Fagleg profil, plattform og strategi» vart det gjort tydeleg at «utdanningsløp skal samkøyrast på tvers av campusane på ein måte som sikrar vidareutvikling av lokale profiler og fagleg eigenart.» HVL har høge ambisjonar for utdanningskvalitet. Dette vert signalisert både i fusjonsavtalen, utviklingsavtalen og gjennom universitetsambisjonen. Universitetsambisjonen krev kvalitet i alle ledd. Etter fusjonen har HVL fastsett verksemdsmål som gjer det tydeleg at institusjonen skal gjennomgå studieporteføljen med omsyn til ønska profil, nivå og dimensjon på det samla studietilbodet til HVL, og setje i gang arbeidet med samkøyring av utdanningar for å utnytte fusjonsgevinstar. HVL skal også bygge opp under fagleg eigenart og regionale behov gjennom «å ha rom for tydeleg profilering av utdanningane og utnytte synergimulegheiter». Samstundes med strategiarbeidet må FHS sikre at fakultetet i framtida har ein studieportefølje som tek omsyn til behov, profil, nivå og dimensjon på det samla studietilbodet, og sikrar samkøyrte utdanningar.

FHS skulle i utviklings- og samkøyringsarbeidet inkludere HVL sine ambisiøse mål for digitalisering og ein måtte mellom anna legge til rette for å auke omfanget av e-læring og sikre utvikling av profesjonsretta digital kompetanse. I tillegg til desse endringane som kom som ei følgje av fusjonen, stod FHS føre ei stor oppgåve med utvikling og samordning av bachelorutdanningane med bakgrunn i innføringa av nytt styringssystem. Alle dei sju bachelorprogramma som vert tilbydd ved FHS har fått forskriftsfesta nye nasjonale retningslinjer (RETHOS) som vert implementerte frå hausten 2020.

FHS måtte dermed rigge eit prosjekt som skulle utvikle og samordne følgande studieprogram:

- Bachelor sjukepleie, heiltid og deltid, Førde
- Bachelor sjukepleie, heiltid og desentralisert, Bergen
- Bachelor sjukepleie, Haugesund
- Bachelor sjukepleie, Stord
- Sosialt arbeid, Bergen
- Sosialt arbeid, Sogndal

- Vernepleie, heiltid og deltid
- Bachelor barnevern, Sogndal
- Bachelor fysioterapi, Bergen
- Bachelor radiografi, Bergen
- Bachelor ergoterapi, Bergen

Utdanningane vart fordelte på tre ulike prosjekt der Institutt for velferd og deltaking (IVD) prosjektorganiserte utvikling og samkøyring av bachelorutdanningane innanfor vernepleie, sosialt arbeid og barnevern, Institutt for helse og funksjon (IHF) prosjektorganiserte utvikling og samkøyring av bachelorutdanningane innanfor ergoterapi, fysioterapi og radiografi og IHO prosjektorganiserte utvikling og samkøyring av bachelorutdanningane innanfor sjukepleie.

### Status ved prosjektstart

HVL har ein brei og solid studieportefølje med 52 bachelorprogram (HøgskulenpåVestlandet, 2018). IHO hadde ved prosjektstart seks studieprogram i sjukepleie med fire heiltidsutdanningar, ei desentralisert utdanning og ei deltidsutdanning. Fakultetsstrategi for perioden 2019 – 2023 var under utarbeiding ved prosjektstart, men etter ferdigstilling kan ein her lese at FHS skal utvikle tydelege profilar og utnytte synergiar gjennom samkøyring av alle bachelor, master- og vidareutdanningar, og arbeide kontinuerleg med å tilby gjennomgåande utdanningsløp frå alle bachelorprogramma til master og ph.d. (HVL, 2019). Samkøyringsprosjektet er dermed ein viktig reiskap for at fakultetet skal nå måla i strategien.

Arbeidet med planlegging av den overordna prosjektprosessen på fakultetet vart leia av prodekan for utdanning ved FHS. Prosjektplanen vart godkjent i fakultetsleiinga våren 2018. Leiargruppa på FHS har fungert som ei styringsgruppe for dei ulike samkøyringsprosjekta.

Dei overordna målsettingane for prosjekta var som følgjer:

- Sikre heilskaplege bachelorprogram av høg kvalitet
- Utvikle bachelorprogram som sikrar at HVL utdannar kandidatar som svarar på framtidas behov for yrkesutøvarar i helse- og sosialtenestene lokalt, regionalt og nasjonalt

- Identifisere og forsterke bachelorutdanningane ved FHS sine styrkar og faglege kjenneteikn som kan bidra til å møte kompetansebehova ved helse- og sosialtenestene
- Utvikle forskingsbasert undervisning og studentaktiv forsking
- Utvikle innovative lærings- og vurderingsordningar og sikre meiningsfult samsvar mellom læringsutbytte, undervisnings- og vurderingsformer
- Fokus på læring for endring og god profesjonsfagleg digital kompetanse
- Sikre studieprogram som inkluderer at alle studentar får internasjonaliseringserfaring heime og/eller ute.

Mandatet var tydeleg på at ei felles samkøyring og utvikling av utdanningane, kunne gjere at FHS lettare dreg i same retning og profilerer HVL sine helse- og sosialfaglege utdanningar meir samla. Felles emner kan føre til at tilsette raskare kjem saman og får utvikla felles identitet. Kompetanse skal nyttast på tvers og ein vil stå sterkare når FHS skal synleggjere fagmiljø knytt til kvart studieprogram. Dermed vil ei slik samkøyring gjere fagmiljøa mindre sårbare. Samkøyring vil også styrke utviklingspotensialet ved at ein får nytta kvarandre sine styrkar på tvers på ein god måte. Ambisjonen må vere at ein på sikt kan hente ut stordriftsfordelar ved samkøyring og dette vil komme godt med i arbeidet fram mot ein universitetssøknad.

## Samkøyring og utvikling av bachelorutdanningane i sjukepleie ved IHO

Sommaren 2018 vart prosjektleiar for prosjektet Samkøyring og utvikling av bachelorutdanningane i sjukepleie (USB) tilsett for perioden 010818 – 280220. Hanne Marie Heggdal vart tildelt vervet som prosjektleiar. Prosjektet var eigd av instituttleiinga ved IHO, og viseinstituttleiar Dagrun Kyrkjebø har hatt det daglege ansvaret for oppfølging av prosjektet og dialog med prosjektleiar gjennom heile prosessen. Viseinstituttleiar leia også referansegruppa til prosjektet.

### Prosjektorganisering ved IHO

Når prosjektleiar var på plass starta arbeidet med å organisere prosjektet på instituttet. Det vart oppretta ei prosjektgruppe (Vedlegg 1) leia av prosjektleiar og ei referansegruppe (Vedlegg 2) leia av viseinstituttleiar.

Det var viktig for instituttet med brei deltaking på tvers av campus og fagseksjonar for å sikre at arbeidet som skulle gjennomførast fekk ei god forankring i fagmiljøet i heile instituttet. Instituttleiinga såg også på prosjektarbeidet som viktig i arbeidet med å utvikle den nye organisasjonen på tvers av fagmiljø og campus. Ved å arbeide saman om eit konkret prosjekt der deltakarane vart utfordra på kompetanse, kultur og samarbeid var dette eit av dei viktigaste tiltaka for å bygge instituttet som organisasjon i denne perioden. Alle arbeidde fram mot eit felles mål som var den nye studieplanen.

Alle fagseksjonsleiarane ved bachelorprogramma i sjukepleie var medlemmer i prosjektgruppa og har spelt ei viktig rolle i arbeidet. Det same har fagtilsette frå alle fagseksjonar, studieadministrasjonen ved FHS, studentrepresentantar og tillitsvalte.

Prosjektgruppa starta sitt arbeid med å ferdigstille mandat og normer for arbeidet. Følgande føringar vart lagt for prosjektarbeidet frå instituttleiinga:

- Studieprogrammet skal byggast opp av emner på 7,5/15 studiepoeng
- Fellesemnet ved HVL «Danning og akademisk handverk» på 7,5 studiepoeng skulle implementerast ved studieprogrammet bachelor i sjukepleie
- Det skal innførast felles læringsutbyttebeskrivelsar på program- og emnenivå ved studieprogrammet bachelor i sjukepleie
- Det skal innførast felles vurderingsformer, obligatoriske læringsaktivitetar og kjernepensum
- Felles retningslinjer for bacheloroppgåva på FHS-nivå
- Fagmiljøet ved kvart campus rår over undervisning, arbeidsformer og gjennomføring av obligatoriske læringsaktivitetar
- Prosjektgruppa skulle sjå på om det var mogleg med valfrie emner i studieplanen

### Bachelor i sjukepleie

Bachelorprogramma i sjukepleie ved IHO er tidlegare akkreditert etter Rammeplan for sykepleierutdanning (Kunnskapsdepartementet, 2008). IHO

tilbydde ved prosjektstart seks studieprogram i bachelor i sjukepleie ved fire campus, og hadde fem ulike studieplanar. Utdanninga vart tilbydd både som heiltid og samlingsbasert deltid/desentralisert utdanning.

Den nye studieplanen for bachelor i sjukepleie bygger på Forskrift om felles rammeplan for helse- og sosialfagutdanninger (Kunnskapsdepartementet, 2017a) og Forskrift om nasjonal retningslinje for sykepleierutdanning (Kunnskapsdepartementet, 2019a). Bachelorprogrammet ved HVL er eit heiltidsstudium som gir 180 studiepoeng over 3 år. Deltidsstudiet (samlingsbasert deltid/desentralisert) gir 180 studiepoeng over fire år. Det skal vere det same faglege innhaldet i emna på heiltid og deltid, men rekkefølga på emna kan vere noko ulik. RETHOS gir nokre føringar for plassering av kompetanseområda som er skissert i forskrifta, og dette måtte prosjektgruppa ta med seg inn i arbeidet. Rekkefølga på emna innanfor kvart enkelt studieår kan også variere noko frå studiestad til studiestad pga. lokale tilhøve som t.d. tilgang på praksisplassar.

Vidare følger studieplanen krav og reguleringar i Universitets- og høyskoleloven (Kunnskapsdepartementet, 2005), Studietilsynsforskriften (Kunnskapsdepartementet, 2017b) og  Forskrift om studium og eksamen ved HVL (Kunnskapsdepartementet, 2019b).

## Arbeidsprosessen

Prosjektgruppa sitt ansvar var å sikre framdrift og utvikling i prosjektet, og sikre informasjon og medverknad frå dei tilsette i dagens utdanningar. Prosjektgruppa starta sitt arbeid i september 2018 og har fram til oktober 2019 hatt 6 digitale møter og 8 fysiske møter. I februar 2019 sette prosjektgruppa ned fem arbeidsgrupper som skulle utarbeide dei ulike emneplanane i studieprogrammet. I tillegg skulle prosjektleiar i lag med fagseksjonsleiarane arbeide med programdelen til studieplanen. Dette arbeidet vart gjennomført via e-post og digitale møter.

Det har vore brei involvering i fagmiljøet i samband med arbeidet med studieplan. Kvar av dei fem arbeidsgruppene hadde fem medlemmar, ein frå kvar fagseksjon. Den eine av desse var også medlem av prosjektgruppa, vedkommande fekk ansvar for å leie arbeidet i arbeidsgruppa. Totalt var 25 fagtilsette involverte i dette arbeidet. Arbeidsgruppene starta med ein workshop for arbeidet 01. - 02.04.19. Arbeidsgruppene leverte sine forslag til emneplanar 30.06.19. Arbeidsgruppeleiarane heldt prosjektleiar oppdatert jamnleg i prosessen med arbeidet. Det vart gjennomført to digitale møter mellom arbeidsgruppeleiarane og prosjektleiar i denne perioden, i tillegg til at den enkelt kunne ta direkte kontakt med prosjektleiar for avklaringar undervegs.

I august 2019 gjekk prosjektgruppa gjennom forslaga som var utarbeidd av arbeidsgruppene, samordna desse og gjorde dokumentet klart for ein høyringsrunde. Høyringsrunden var gjennomført i tidsrommet 12.09-18.10.19, og høyringsdokumentet vart sendt ut på intern og ekstern høyring. Under høyringsperioden vart studieplanen teke opp som tema på ein workshop (personalsamling for alle tilsette ved IHO). På dette arrangementet deltok ca. 130 personar. Interne høyringsinstansar var fagseksjonane på Institutt for helse- og omsorgsvitskap og eksterne høyringsinstansar var helseføretaka i regionen, KS i regionen, brukarorganisasjonar og Studenttinget ved HVL. Det kom inn fire eksterne høyringsinnspel og sju interne.

Etter høyringsrunden har dei fem fagseksjonsleiarane i lag med prosjektleiar og ein tilsett frå studieadministrasjonen ferdigstilt studieplanen.

Det vart også nedsett ei referansegruppe (10 personar) samansett av representantar frå helseføretak, kommune, brukarorganisasjon, tidlegare studentar og arbeidstakarorganisasjon. Gruppa vart leia av viseinstituttleiar med prosjektleiar som skrivar. Referansegruppa har hatt tre fysiske møte ved Campus Kronstad, Bergen. I det første møtet vart prosjektet presentert, i det andre møtet fekk gruppa presentert utkast til ny studieplan som var sendt ut på høyring, og i det tredje møtet gjekk ein gjennom høyringsinnspela og diskuterte korleis ein skulle arbeide vidare med desse.

Den nye studieplanen vart ferdigstilt i første halvdel av november 2019 og sendt til kvalitetsrådgjevar ved seksjon for utdanning den 21.11.19. Etter behandling her vart søknaden om godkjenning av den nye studieplanen handsama i Utdanningsutvalet den 11.12.19. Studieplanen vart godkjent med nokre merknader knytt til at ein, i følgje forskrift om eksamen og studium ved HVL, 1) ikkje skal ha arbeidskrav i direkte pasientretta arbeid, 2) ein skal tydeleggjere betre at arbeidskrav er knytt til omgrepet obligatoriske læringsaktivitetar og skilje mellom dei ulike arbeidskrava i kvart emne 3) avtalar med praksisfeltet. Merknadane som var knytt til plassering og formulering av arbeidskrav vart retta opp i januar og februar 2020, kor viseinstituttleiar og prosjektleiar var ansvarleg for dette arbeidet. Avtalane med praksisfeltet vert det arbeidd med framover vår/haust 2020.

Den 04. og 05.02.20 deltok prosjektleiar på ein kvalitetsdag og eit praksisseminar for Fakultetet for helse- og sosialvitskap med poster der hovudpunkta i den nye studieplanen vart presentert. Dette var avslutninga på prosjektleiar sitt arbeid med studieplanen.

# Ny studieplan

Den nye studieplanen i Bachelor i sjukepleie har gjennomgåande fokus på:

- Personsentrert sjukepleie
- Danning og akademisk kompetanse
- Berekraft og folkehelse både nasjonalt og globalt
- Kunnskapsbaserte tenester, tenesteutvikling og innovasjon

Målet med studiet er å fremje kandidatane si evne til å utøve ei fagleg forsvarleg og omsorgsfull teneste, fagleg leiing, tverrprofesjonelt samarbeid, nytenking og innovasjon i tenestene. I tillegg vil auka evne til kritisk tenking og livslang læring vere eit sentralt mål i studiet.

## Plassering av læringsutbytta frå dei nye forskriftene

Dei 12 læringsutbytta i forskrift om rammeplan for helse- og sosialfagutdanninger (§2, 2017a) er implementert i 24 av læringsutbytta i forskrift om retningslinjer for sykepleieutdanning (§3, 2019a). Desse fordeler seg slik på dei ulike kompetanseområda:

| Kompetanseområde | Læringsutbytte (§) |
|---|---|
| Helse, sjukdom og sjukepleie | §§ 4 k, 5 b, 5d, 5f, 6 d, 6f og 6g. Desse er knytt til kunnskaps-, ferdigheits- og generellkompetanse læringsutbytte. |
| Sjukepleiarprofesjonen, etikk, kommunikasjon og samhandling | §§ 7 f, 7g, 8 a, 8b og 8c. Desse er knytt til kunnskaps- og ferdigheitslæringsutbytte. |
| Vitskapsteori og forskingsmetode | §§ 11 a og 12 c. Desse er knytt til ferdigheits- og generellkompetanse læringsutbytte. |

| | |
|---|---|
| Fagleg leiing, kvalitet og pasienttryggleik | § 13 d, 14 a, 14b, 14c, 15 d og 15e. Desse er knytt til kunnskaps-, ferdigheits- og generellkompetanse læringsutbytte. |
| Tenesteutvikling og innovasjon | §§ 16 a og 18 b. Desse er knytt til kunnskaps- og generellkompetanse læringsutbytte. |
| Teknologi og digital kompetanse | §§ 19 a og 21 a. Desse er knytt til kunnskaps- og generellkompetanse læringsutbytte. |

Nokre av desse læringsutbytta er i studieplanen gjennomgåande i fleire emne på dei ulike studieåra (§§ 8a, 8c, 11a, 12c, 13d, 14a-c, 19a), nokre er knytt til emna i første halvdel av studiet og nokre er knytt til emne i 3.studieår (Kunnskapsdepartementet, 2017a).

Alle læringsutbyttebeskrivingane i Forskrift om retningslinje for sykepleieutdanning (Kunnskapsdepartementet, 2019a) er plassert inn i den nye studieplanen. Dei fleste er skrivne inn med likelydande ordlyd som i forskrifta, medan nokre av dei er omskrivne slik at dei passer inn i den konteksten dei gjeld for, og med tanke på ein progresjon og eit auka kompetansenivå hos studentane gjennom studiet. Nokre læringsutbytte er spesifikk retta inn mot tidspunkt for plassering av desse i studiet og nokre er gjennomgåande i studiet. Dei læringsutbytta som er gjennomgåande er knytt til:

- kunnskap innafor teknologi og digital kompetanse (§19a).
- ferdigheiter innafor sjukepleieprofesjon, etikk, kommunikasjon og samhandling (§§8a og 8c),
- ferdigheiter og generell kompetanse innafor helse, sjukdom og sjukepleie (§§ 5a og 6b), vitskapsteori og forskingsmetode (§§11a, 12b og 12c) og innafor fagleg leiing, kvalitet og pasienttryggleik (§§ 14a,14b, 14c, 15a og 15c).

Forskrift om retningslinjer for sykepleieutdanning (Kunnskapsdepartementet, 2019a) legg føringar for nokre av emneplasseringane: første utdanningsår skal ha fokus på grunnleggande sjukepleie, i andre studieår er det fokus på akutt, kronisk og kritisk sjukdom og i tredje studieår ligg sjukepleie ved komplekse og samansette pasienttilstandar og sjukdomsbilete. Ved HVL er studiet inndelt i 14 emner. Emnet SYK110 Danning og akademisk handverk er plassert i første semester som følgje av anbefalingane i rapporten, datert 22.05.2019, om «Etablering av felles innføringsemne ved HVL». SYK130 Anatomi, fysiologi, biokjemi og mikrobiologi  er også plassert i første semester pga. nasjonal deleksamen som er satt opp i haustsemesteret. Dei andre emna kan ha ulik plassering innafor sine studieår, men emne SYK250 Folkehelse i eit nasjonalt og globalt perspektiv og SYK260P Folkehelse i ein nasjonal og global kontekst kan bytte plass med emne SYK330P Sjukepleie til menneske med psykisk sjukdom/liding. Grunngjevinga for dette er at folkehelseperspektivet/kontekst ikkje er direkte plassert i utdanningsløpet i den nye forskrifta om retningslinje for sykepleieutdanning. Praksisstudium knytt til psykisk sjukdom/liding kan knytast både til akutt, kronisk og kritisk sjukdom (andre studieår) og komplekse og samansette pasienttilstandar og sjukdomsbilete.

I oppbygginga av studieplanen har det vore naturleg at dei naturvitskaplege emna kjem tidleg i studiet, medan sluttkompetanse knytt til fagleg leiing, tenesteutvikling og innovasjon kjem i tredje studieår. Elles er forskrifta si inndeling følgt (Kunnskapsdepartementet, 2019a).

Tabellen under gir ei oversikt over alle emne i studieprogrammet.

| Studieår<br>Emnenummer | Emnenavn | Teori /<br>Praksis | Valgfritt /<br>obligatorisk |
|---|---|---|---|
| 1.studieår | | | |
| SYK100 | Grunnleggande sjukepleie | T | O |
| SYK110 | Danning og akademisk handverk | T | O |
| SYK130 | Anatomi, fysiologi, biokjemi og mikrobiologi | T | O |
| SYK140 | Sjukdomslære og farmakologi | T | O |
| SYK120P | Grunnleggande sjukepleie | P | O |
| 2.studieår | | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| SYK200 | Sjukepleie ved akutt, kronisk og kritisk sjukdom | T | O |
| SYK220P | Medisinsk sjukepleie ved akutt, kronisk og kritisk sjukdom | P | O |
| SYK230P | Kirurgisk sjukepleie ved akutt, kronisk og kritisk sjukdom | P | O |
| SYK250 | Folkehelse i eit nasjonalt og globalt perspektiv | T | O |
| SYK260P | Folkehelse i ein nasjonalt og global kontekst | P | O |
| 3.studieår | | | |
| SYK300 | Sjukepleie ved komplekse og samansette pasienttilstandar og sjukdomsbilete | T | O |
| SYK320P | Sjukepleie ved komplekse og samansette pasienttilstandar og sjukdomsbilete i den kommunale helsetenesta | P | O |
| SYK330P | Sjukepleie ved psykisk sjukdom/liding | P | O |
| SYK360P | Fagleg leiing, tenesteutvikling og innovasjon | P | O |
| SYK390 | Bacheloroppgåve i sjukepleie | T | O |

## Studentane si arbeidsbelastning i dei ulike emna

Studieplanen sine emne har ein storleik på 7,5 eller 15 studiepoeng og eit omfang av ein total arbeidsmengde for studentane på 202,5 timar (7,5sp) eller 405 timar (15sp). Desse timane omfattar både sjølvstudium, organiserte læringsaktivitetar som t.d. undervisning), obligatoriske læringsaktivitetar/arbeidskrav, direkte pasientretta arbeid og eksamen. I timane til sjølvstudium er det inkludert førebuing til organiserte læringsaktivitetar, obligatoriske læringsaktivitetar/arbeidskrav, praksis og eksamen. Timane til sjølvstudium utgjer mellom 1/3 og halvparten av timane i dei ulike emna.

### Første studieår

Første studieår omfattar grunnleggande sjukepleie, naturvitskaplege tema og leiing av eige arbeid.

Emne SYK100 Grunnleggande sjukepleie dannar eit teoretisk grunnlag for kunnskap og forståing for mennesket sine grunnleggande behov og sjukepleiaren

sin helsefremmande, førebyggande, behandlande, rehabiliterande og lindrande funksjon, inkludert palliasjon. Også ei innføring i dei yrkesetiske retningslinjer, offentlege dokument og gjeldande lovverk med særskilt fokus på teieplikt og brukarmedverknad er ein viktig del av dette emne.

Emne SYK110 Danning og akademisk handverk er eit innføringsemne og studenten sitt første møte med Høgskulen på Vestlandet sitt faglege og sosiale fellesskap. Danning gjennom utdanning bidreg til klok bruk av kunnskap. Emnet legg FNs berekraftmål til grunn, eit omgrepet som omfattar både eit bevaringsperspektiv, men har også i seg ønskje om nyskaping og utvikling. Berekrafta står på tre likestilte pilarar: økologisk berekraft, økonomisk berekraft (til dette høyrer likeverd) og sosio-kulturell berekraft (inkludert global sosial rettferd). Dei andre tema i emne er: etikk, vitskapsteori, vitskaplege metodar, akademisk skriving, informasjonskompetanse, kjeldebruk, kunnskapsbasert praksis, kommunikasjon, samarbeid og profesjonshistorie.

I emne SYK130 Anatomi, fysiologi, biokjemi og mikrobiologi skal studenten lære om kroppen sin anatomi, fysiologi og biokjemi. Anatomi er læra om oppbygginga av kroppen, og fysiologi læra om kroppen sin funksjon. Biokjemi er læra om kjemiske strukturar og kjemiske prosessar i levande organismar. Mikrobiologi er læra om mikroskopiske organismar, t.d. bakteriar, virus og sopp. Kunnskap om desse er naudsynt for å forstå korleis infeksjonssjukdommar oppstår og vert behandla, og vidare korleis infeksjonar kan førebyggast.

Emne SYK120P Grunnleggande sjukepleie er eit rettleia praksisstudie med fokus på utøving av personsentrert sjukepleie til menneske som treng hjelp til å dekke grunnleggande behov. Studenten nyttar sjukepleieprosessen i si utøving av sjukepleie, behandling og rehabilitering saman med pasient, pårørande og helsepersonell. I tillegg gir emnet studentane kunnskap om ulike sjukepleieprosedyrar, dokumentasjons- og journalsystem som vert nytta i tenestene og emnet skal også gje studentane kunnskap om legemiddelhandtering og –rekning.

Emne SYK140 Sjukdomslære og farmakologi skal gje studentane brei kunnskap i sjukdomslære og farmakologi knytt til fysiske og psykiske sjukdommar, slik at ein kan identifisere pasienten sine behov og velge og grunngje sjukepleietiltak. Sjukdomslære omfattar både grunnleggande fellestrekk ved sjukdomsprosessar, sjukdommar og skade. Sjukdomslære omfattar årsaka til sjukdommen (etiologi), endringane som kan finnast i kroppen (patogenese), problema pasienten får (symptom), kliniske funn, korleis ein kan finne kva sjukdom pasienten har (diagnose), behandling av sjukdommen (terapi) og korleis ein forventar at sjukdommen utviklar seg (prognose). Farmakologi er legemiddellære. Den generelle farmakologien omhandlar i hovudsak korleis legemiddel påverkar celler i kroppen (farmakodynamikk), korleis legemiddel vert teke opp, transportert, brotne ned og skilt ut av kroppen (farmakokinetikk). Farmakologi omhandlar også biverknadar av legemiddel og korleis legemidla kan påverke kvarandre sine effektar eller omsetnad (interaksjonar).

### Andre studieår

Andre studieår omfattar sjukepleie til akutt, kronisk og kritisk sjuke pasientar med behov for medisinske, kirurgiske og psykiske helsetenester samt folkehelsearbeid.

Emne SYK200 Sjukepleie ved akutt, kronisk og kritisk sjukdom omfattar sjukepleie til sjuke pasientar med medisinske, kirurgiske og/eller psykiske sjukdommar. Emnet dannar eit teoretisk grunnlag for kunnskap og forståing om helseutfordringar og behandlingsforløp med særskilt fokus på sjukepleiar sin behandlande, rehabiliterande og lindrande funksjon, inkludert palliasjon. Emnet dekker også desse tema: sosiologiske perspektiv på sjukdom, ulikskap i helse og helsetenester, risikofaktorar, informasjonssikkerhet og kvalitetsindikatorar, tverrprofesjonelt samarbeid, utviklingspsykologi og barn og unge på sjukehus, pårørande inkludert barn som pårørande, å leve med kronisk sjukdom og pre-, per-, postoperativ sjukepleie. Emnet tar også opp tema knytt til roller og makt, gjeldande lovverk og relevante offentlege dokument og organisasjon og leiing.

Emnet SYK220P er eit rettleia praksisstudie med fokus på utøving av personsentrert sjukepleie til menneske med akutt, kronisk og kritisk sjukdom innanfor medisin. Studenten nyttar sjukepleieprosessen i si utøving av sjukepleie med særskilt fokus på behandling, rehabilitering og lindring i samhandling med pasient, pårørande og anna helsepersonell. I tillegg gir emne studentane kunnskap om  ulike sjukepleieprosedyrar, dokumentasjons- og journalsystem som vert nytta i tenestene og emnet skal også gje studentane kunnskap om legemiddelhandtering og –rekning.

Emnet SYK230P er eit rettleia praksisstudie med fokus på utøving av personsentrert sjukepleie til menneske med akutt, kronisk og kritisk sjukdom innanfor kirurgi. Studenten nyttar sjukepleieprosessen i si utøving av sjukepleie med særskilt fokus på behandling, rehabilitering og lindring i samhandling med pasient, pårørande og anna helsepersonell. I tillegg gir emnet studentane kunnskap om  ulike sjukepleieprosedyrar, dokumentasjons- og journalsystem som vert nytta i tenestene og emne skal også gje studentane kunnskap om legemiddelhandtering og –rekning.

Emne SYK250 Folkehelse i eit nasjonalt og globalt perspektiv skal gje studentane brei kunnskap, ferdigheitar og generell kompetanse i helsefremmande og førebyggande arbeid i eit nasjonalt og globalt folkehelseperspektiv. I tillegg vil emne bidra til auka innsikt i sentrale omgrep og tema innan global helse, internasjonalisering, FN sine berekraftsmål og menneskerettar. I tillegg inneheld emnet følgande tema: Helsedeterminantar og sosial ulikskap i helse, psykisk helse, salutogenese og empowerment, health literacy, kultur og helse i eit globalt perspektiv, migrasjonshelse, kultursensitivitet og kommunikasjon, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, vaksinasjon, livsstil og livsstilsendringar, førebyggande helsearbeid knytt til barn og unge og frivillig arbeid. Emne har også fokus på sjukepleiaren sin pedagogiske funksjon og nasjonale og internasjonale styringsdokument.

Emne SYK260P Folkehelse i en nasjonal og global kontekst er eit rettleia praksisemne innafor  fagområde helsefremmande og førebyggande arbeid kor

studentane skal fordjupe seg i eit tema frå SYK250. For å auke studentane sin kompetanse innanfor dette fagfeltet er det lagt særskilt vekt på å auke kunnskapen og ferdigheitene deira knytt til undervisnings- og rettleiingsmetodar.

### Tredje studieår

Tredje studieår omfattar sjukepleie ved komplekse og samansette pasienttilstander og sjukdomsbilete, sjukepleie til menneske med psykisk sjukdom/liding, fagleg leiing, tenesteutvikling og innovasjon og bacheloroppgåve i sjukepleie.

Emnet SYK300 omfattar sjukepleie til pasientar med komplekse og samansette pasienttilstandar og sjukdomsbilete i kommunehelsetenesta, fagleg leiing, tenesteutvikling og innovasjon i helsetenesta. Emnet dannar eit teoretisk grunnlag for kunnskap og forståing om helseutfordringar og behandlingsforløp med fokus på sjukepleiaren sin helsefremmande, førebyggande, behandlande, rehabiliterande og lindrande funksjon. I tillegg dekker emnet tema som: når funksjonsnedsetting pregar liv og helse, metodar for brukarmedverknad, rus og avhengighet, omsorgssvikt, vold og overgrep, sosioøkonomiske problem. Emnet legg også vekt på tverrfagleg, tverrprofesjonelt og tverrsektoriell samhandling, teknologi og helse og gjeldande lovverk og relevante offentlege dokument.

Emnet SYK320P er eit rettleia praksisstudie som omfattar personsentrert sjukepleie til menneske med komplekse og samansette pasienttilstandar og sjukdomsbilete i den kommunale helse- og omsorgstenesta med særskilt fokus på pasientar og pårørande i heimetenesta. Studenten nyttar sjukepleieprosessen i si utøving av sjukepleie med særskilt fokus på behandling, rehabilitering og lindring i samhandling med pasient, pårørande og anna helsepersonell. Det vert lagt vekt på tverrfagleg samarbeid, teknologi og helse, pasienttryggleik og brukarmedverknad og fagleg leiing. Emnet har i tillegg fokus på tema som dokumentasjon og journalsystem som vert nytta i tenestene, gjeldande myndigheitskrav for kommunehelsetenesta og legemiddelhandtering og –rekning.

Emnet SYK330P er eit rettleia praksisstudie som omfattar personsentrert sjukepleie til menneske med psykisk sjukdom/liding. Studenten nyttar sjukepleieprosessen i si utøving av sjukepleie med særskilt fokus på helsefremming, førebygging, behandling og rehabilitering i samhandling med pasient, pårørande og anna helsepersonell. Det vert lagt vekt på tverrfagleg samarbeid, miljøterapeutiske prinsipp, pasienttryggleik, brukarmedverknad og fagleg leiing. Emnet har i tillegg fokus på tema som dokumentasjon og journalsystem som vert nytta i tenestene og gjeldande myndigheitskrav for tenesta med særskilt fokus på tvang.

Emnet SYK360P Fagleg leiing, tenesteutvikling og innovasjon er eit rettleia praksisstudie kor studenten skal tileigne seg innsikt i sjukepleiaren sin funksjon knytt til fagleg leiing, tenesteutvikling og innovasjon i helsetenesta. Innsikta skal bidra til å kunne kritisk vurdere, prioritere og grunngje sjukepleie- og organisatoriske tiltak både på individ- og systemnivå. Studenten skal kunne identifisere behov for tverrprofesjonell samhandling i tenestene, fagleg leiing og koordinering, dokumentasjon og informasjonsoverføring for å ivareta og sikre kvalitet i tenestene. Studenten skal nytte denne kunnskapen i eit kvalitetsutviklings-, forbetrings- eller innovasjonsprosjekt. Emne kan gjennomførast i kommune- og spesialsthelsetenesta.

I emnet SYK390 Bacheloroppgåve i sjukepleie skal studenten fordjupe seg i ei sjukepleiefagleg problemstilling og klargjere denne ved hjelp av teori, forsking og erfaringsbasert kunnskap. Emnet tar sikte på å skape grunnlag for kunnskap og bevisstheit om sjukepleie som fag, profesjon og vitskap. I emnte gjennomførast det eit systematisk akademisk arbeid, kor litteraturgrunnlaget, tematikk og problemstilling er knytt til sjukepleiefaget. I oppgåva arbeider studenten innan eit avgrensa område som er relevant for sjukepleiefaget, og nyttar eit kunnskapsgrunnlag som er relevant for tema og problemstilling. Målet med bacheloroppgåva er å belyse ny kunnskap, bidra til kvalitetsutvikling og innovasjon i sjukepleie.

## Pedagogiske metodar

Det er ein samanheng mellom bruk av ulike lærings- og undervisningsformer, obligatoriske læringsaktivitetar og vurderingsform i dei ulike emna. Målet er å auke studenten sine kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse fram mot den endelege sluttkompetansen som studieplanen syner og som er nedfelt i Forskrift om nasjonal retningslinje for sykepleierutdanning (Kunnskapsdepartementet, 2019a). Det er gjennom bruk av ulike undervisnings-, lærings- og vurderingsordningar at fagmiljøet legg til rette for at studentane kan ta ei aktiv rolle i eigen læringsprosess. FHS trekk i sin strategi fram at vi skal nytte forskingsbaserte læringsformer på utdanningsnivå i alle studieprogram, ha oppdatert infrastruktur, læringsutbyte og forskingsbaserte læringsmetodar for simulering, velferdsteknologi og e-helse.

I studieplanen sine ulike emne har vi satt inn mange ulike undervisnings- og læringsformer som er gjennomgåande og like for alle emna, men det er skilnad mellom teori- og praksisemne. Mange av undervisings- og læringsformene som vert nytta kan gjennomførast både fysisk på campus og digitalt gjennom plattformer som t.d. Canvas og Zoom. Rettleiing og oppfølging av studentar i praksis kan også gjennomførast digitalt ved behov via plattformer som Skype, Zoom og Teams. Førelesingar høyrer til i teoriemne, medan ferdigheitstrening og simulering høyrer til i praksisemna. Dei ulike fagseksjonane i bachelor i sjukepleie kan nytte ulike undervisnings- og læringsformer, men pensum, dei obligatoriske læringsaktivitetane og vurderingsordning er lik.

### Undervisnings- og læringsformer

*I ei førelesing* skjer det ei formidling av kunnskap frå førelesar til studentane kor målsetjinga er å gje ei oversikt over tema, ei sortering/systematisering av lærestoffet og ei formidling av sentrale omgrep innafor tema.

*Multimodale ressursar* kan nyttast på ulike måtar. Både som ei rein formidling av kunnskap frå «førelesar», men den kan også nyttast til prøvar/testar kor studentane for teste eigen kunnskap eller utføre ulike øvingar/ferdigheiter.

*Arbeid i grupper, formidling frå studentane og medstudentrespons* er studentaktive læringsformer som fremjar studentane si evne til kommunikasjon, samhandling og refleksjon, og den aukar deira pedagogisk kompetanse.

*Eigenvurdering* er ei studentaktiv læringsform som fremjar refleksjon over eigen utvikling, og kompetanse knytt til faglege, etiske og juridiske problemstillingar.

*Ferdigheitstrening og simuleringsøvingar* er ei studentaktiv læringsform som fremjar studentane sine praktiske ferdigheiter og refleksjonsevne. Dette vil auke studentane sin generell kompetanse.

*Rettleiing (individuelt/gruppe)* er ei studentaktiv læringsform kor studenten/studentgruppa blir rettleia på eigne kunnskapar, ferdigheiter og generelle kompetanse og kor studenten/studentane må reflektere over eigen kompetanse.

*Oppgåveløysing og skriftleg arbeid* er ei studentaktiv læringsform kor studenten kan teste kunnskap og reflektere over faglege, etiske og juridiske problemstillingar både skriftleg og munnleg. Eit skriftleg arbeid vil også auke studentane sin kompetanse knytt til akademisk skriving.

*Sjølvstudium* er ei studentaktiv læringsform kor student tar ansvar for eiga læring.

### Obligatoriske læringsaktivitetar

*Studiegrupper med medstudentrespons og rettleiing*; Ei studentaktiv læringsform som fremjar refleksjon og gruppetilhøyre. Her kan ein også nytte ein omvendt klasseroms pedagogikk.

*Individuelt skriftleg arbeid;* Akademisk skrivetrening og refleksjon (fagleg, etisk og juridisk) over eigne kunnskapar og erfaringar.

*Obligatorisk deltaking i undervisning som er knytt til praksisførebuing, ferdigheitstrening og simulering*; Ei studentaktiv læringsform som fremjar utvikling av kompetanse knytt til kunnskap og ferdigheiter i praksisemna. Denne læringsforma fremjar også refleksjon hos studenten.

*Ferdigheitsprøve;* Testing av praktiske og teoretiske kunnskapar og ferdigheiter før ein tar del i direkte pasientretta arbeid.

*Medikamentprøve;* Testing av teoretiske kunnskapar og ferdigheiter før ein tar del i direkte pasientretta arbeid.

*Framlegg av utkast til prosjektplan;* Ei studentaktiv læringsform som fremjar refleksjon hos den enkelte student/gruppa, ved gruppearbeid aukar den også gruppetilhøyre for studentane. Framlegg som læringsform fremjar også studentane sin pedagogiske kompetanse.

*Rettleiing på skriftleg arbeid;* Legge til rette for ein god prosess fram til ferdig arbeid kor studenten tar aktiv del i eigen læringsprosess gjennom skrivearbeidet.

### Vurderingsformer

*Individuell skuleeksamen;* Læringsutbytta er knytt til kunnskap innafor eit bestemt fagområde og vurderingsforma er ei testing av denne kunnskapen.

*Prosjektoppgåve (individuell/gruppe);* Ei studentaktiv læringsform kor studenten kan reflektere over faglege, etiske og juridiske problemstillingar. Det skriftleg arbeid vil også auke studenten(ane) sin kompetanse knytt til akademisk skriving.

*Individuell heimeeksamen;* Ei studentaktiv læringsform kor studenten kan reflektere over faglege, etiske og juridiske problemstillingar. Det skriftleg arbeid vil også auke studenten sin kompetanse knytt til akademisk skriving.

*Praksis;* Ei studentaktiv læringsform kor studenten får både trena på og auka sine praktiske ferdigheiter. Studenten får reflektere over faglege, etiske og juridiske problemstillingar. Studenten lærer også å samhandle med andre, både pasientar, pårørande og anna helsepersonell.

*Bacheloroppgåva (individuell/parvis);* Ei studentaktiv læringsform kor studenten kan reflektere over faglege, etiske og juridiske problemstillingar. Det skriftleg arbeid vil også auke studenten sin kompetanse knytt til akademisk skriving.

*Skriftleg oppgåve (gruppe);* Ei studentaktiv læringsform som fremjar refleksjon og gruppetilhøyre. Det skriftleg arbeid vil også auke studentane sin kompetanse knytt til akademisk skriving og deira pedagogiske kompetanse knytt til den digitale presentasjonen.

# Koplingar til relevante fag og forskingsmiljø

Instituttet og fagseksjonane styrkar samanhengen mellom utdanning og forsking på fleire måtar. Vi involverer studentar i pågåande forskingsprosjekt og dei tilsette gjennomfører forskingsbasert undervisning. Ved FHS er om lag 50% av dei 400 tilsette involvert i større eller mindre forskingsprosjekt og desse er alle medlemmer i ei av dei 20 forskargruppene og/eller i nettverka ved fakultetet: https://www.hvl.no/om/organisering/fhs/forskargrupper/. Vel 200 av desse forskarane bidreg inn i undervising i ulike bachelor- og masterprogram, og i vidareutdanningsprogram. Følgande forskargrupper og nettverk bidreg direkte i bachelorprogrammet i sjukepleie: Diabetes forskargruppe for beste praksis (diaBEST), Folkehelse, livsstil og overvekt, Kreft og livskvalitet, Kvalitet og innovasjon i eldreomsorg, Patient-reported outcomes and quality of care in cardiology – PROCARD, Psykisk helse og rus, Reproduktiv helse, barn, unge og familier, Samhandling for betre folkehelse, Utdanningsforsking, FICHS – Facilitation and innovation in community health services, Omsorgens grunnlag, fenomen og vilkår og Pedagogisk utdanningsforum/nettverk knytt til utdanning.

Totalt har FHS 28 professorar i full stilling og 13 professorar er i bi-stilling, 6 dosentar er i full stilling og 1 i bi-stilling, det er 78 førsteamanuensisar, 40 førstelektorar og 168 høgskulelektorar (berre omlag ½-1/3 av dei sist nemnde er med i forskingsprosjekt). I tillegg bidreg stipendiatar (om lag 34), forskararar (3) og post-doc (3) inn i undervisninga ved FHS. På fakultetet vert det årleg arrangert seminar der fagseksjonsleiarar og forskargruppeleiarar deltek, og der kopling mellom forsking og utdanning er tema.

Vidare jobbar vi med å samordne fagleg aktivitet og fagmiljø, slik at studentane skal få tilgang til ny kunnskap uavhengig av kva campus og utdanningsprogram dei studerer ved. Dette vil mellom anna kome til uttrykk gjennom emnegrupper på tvers av campus der dette vert ivareteke og der ein sørgar for å nytte kompetanse på tvers.

# Internasjonalisering

Norske universitet og høgskular skal utdanne kandidatar som er aktive, attraktive og ansvarlege deltakarar i det internasjonale samfunnet (Kunnskapsdepartementet, 2017c). Kandidatane HVL utdannar, skal gjennom studiet utvikle kulturell kompetanse og få kjennskap til globale helseutfordringar og utøving av sjukepleie i eit internasjonalt perspektiv. Dette blir då HVL sitt ansvar å legge til rette for (Kunnskapsdepartementet, 2017a, 2019a). Internasjonalisering skal bidra til å heve kvaliteten i utdanningane og fremje interkulturell kompetanse blant studentane (Kunnskapsdepartementet, 2017c). Auka kulturell kompetanse er gunstig for utøving av sjukepleieyrket som ferdigutdanna kandidatar, dette blir også opplevd som positivt sett frå pasientane sin ståstad (Govere & Govere, 2016; Gower, Duggan, Dantas, & Boldy, 2017).

Alle bachelorprogramma ved FHS har ordningar for internasjonalisering. Internasjonaliseringsmeldinga for HVL (Styresak 85/18) peikar på fleire områder som ein må fokusere på for å oppfylle nasjonale krav og forventningar knytt til internasjonalisering. Dette vert det arbeidd med på tvers i fakultetet og ein ønsker samarbeidspartnarar der ein kan samarbeide om både forsking og utdanning. FHS har nær 150 avtalar fordelt på 35 land. Ikkje alle avtalar er aktivt i bruk og fakultetet er i gang med ei rydding her. Bachelorprogrammet nyttar seg i dag av mange av desse samarbeidsavtalane med internasjonale utdanningsinstitusjonar og praksisplassar. Avtalane omfattar inn- og utveksling til teoriemne og praksis. Desse avtalane vil ligge til grunn for inn- og utveksling også i det nye samordna studieprogrammet.

Alle emne ved sjukepleieutdanninga har ein tydeleg internasjonal profil. Dette omfattar mellom anna bruk av relevant engelskspråkleg litteratur, drøfting av internasjonale faglege problemstillingar i dei ulike emna og undervisning frå internasjonale gjesteførelesarar. Det vil også vere aktuelt å invitere internasjonale studentar, som har praksisstudie ved HVL, inn i faglege diskusjonar.

Arbeidet med å sikre gode ordningar for internasjonal studentutveksling har vore utfordrande i studieplanarbeidet. Dette fordi ein i dagens studieprogram har svært ulike tilbod og erfaringar med slike tilbod, og fordi tilboda har vore skreddarsydd til eksisterande studieplanar. I arbeidet har ein hatt fleire møtepunkt med tilsette i internasjonal administrasjon for å få hjelp og innspel i arbeidet. For at ein ikkje skal misse gode avtalar med samarbeidande institusjonar har ein valt å ha eit svært opent mobilitetsvindauge. Vi legg dermed til rette for at studentane som studerer bachelor i sjukepleie ved HVL har fleire høve til å få internasjonal erfaring i løpet av utdanninga. Det vert tilbydd praksisemne i utlandet på to til tre månadar i samarbeid med våre partnarinstitusjonar både i andre og tredje studieår. Dette korresponderer med emne i gjeldande studieår. Teoriemne kan også vere aktuelle om dei korresponderer med aktuelle emner i HVL sin studieplan. For studentar ved desentralisert utdanning og samlingsbasert deltid vil tilbod om praksisemne i utlandet vere både i andre, tredje og fjerde studieår. Studentane kan ta både teoriemne og praksis ute, men praksisutveksling er mest brukt i dag. Førehandsgodkjenning av emne og innhald i praksis sikrar at utdanning kan innpassast i det ordinære studieløpet og at utdanninga tilfredsstiller krava i EU's yrkeskvalifikasjonsdirektiv.

Innkomande internasjonale studentar får tilbod om eit tilrettelagt emne på 3 månadar eller meir, evnt. praksisinnveksling av kortare varigheit. I samarbeidsavtalar med praksisfeltet er internasjonalisering særskilt nemnt: I avtalar med kommunar som er i nærleiken av campus står det «Partane skal ha samarbeid om praksis for innkomande internasjonale studentar», i avtalane med dei kommunar som er lengre unna står det «Partane skal om mogeleg ha samarbeid om praksis for innkomande internasjonale studentar»

I 2018 var det 85 studentar på bachelor i sjukepleie, både utreisande og innreisande. Vi håpar å kunne auke dette talet når avtaleporteføljen er gjennomgått og ein i større grad får knytt internasjonalt forskings- og utdanningsarbeid sterkare saman. Alle nye og reviderte gradgjevande studieprogram vil ha mobilitetsvindauge. I årsplanen for FHS har vi nedfelt at vi skal utvikle ein «tiltaksbank for internasjonalisering heime» og auke merksemda

på internasjonalisering i arbeidet med utvikling og samkøyring av bachelor- og masterutdanningane. Dette arbeidet skal ha fokus i tida framover. Studieprogrammet skal sikre at studentane får internasjonal erfaring i løpet av studiet i form av internasjonalisering heime, teoriemne- og/eller praksisutveksling.

## Samarbeidsavtalar med eksterne samarbeidspartar

Frå og med opptak til studieåret 2020–2021 er det forskriftsfesta at vi skal ha samarbeidsavtalar med alle praksistilbydarar. Avtalane skal regulere ansvar, roller, kapasitet på praksisplassar, kompetanse og samarbeidsarenaer på alle relevante nivå, og kan også regulere forskings-, utviklings- og innovasjonssamarbeid.

Fakultetet har samarbeidsavtalar med regionale og lokale helseføretak, men det har tatt tid å få fornya dei etter fusjonen. Samarbeidsavtalane er på fleire nivå, der dei ulike nivåa legg føringar for neste nivå. Det er difor arbeidet med fornying har teke lang tid. Ei overordna avtale med Helse Bergen vart klar 13.11.2019, og i etterkant av dette kunne fakultetet starte arbeidet med resten av avtaleporteføljen. Fakultetet er no godt i gang med dette arbeidet som er tidkrevjande og komplisert. Pr 01.05.20 er avtalar underteikna i helseføretaka og i mange av dei samarbeidande kommunane. Alle kommunar som fakultetet samarbeider med har fått tilsendt avtalane for signering. Ingen av avtalane på fakultetsnivå fastset tal praksisplassar. Dei legg derimot føringar for når behov skal meldast og når tilbod skal føreligge.

I tillegg til arbeidet med avtaleporteføljen treng ein fortgang i HVL sitt arbeid med samhandlingsportal, slik at vi kan få ei god teknologisk løysing til avtaleverket og samhandlinga med våre partnarar.

I og med at vi manglar ei felles lovfesting av oppfølgingsansvar av studentar i praksisstudiar innan for alle tenestene er det utfordrande å sikre eit forpliktande samarbeid om praksisstudiar for alle arenaer for våre studentar. Vi har aldri kome i ein situasjon der vi har måtta permitert studentar pga. mangel på praksisplassar. Vi har eit tett og godt samarbeid med praksisfeltet, sjølv om det formelle med avtalar ikkje er på plass i alle tenester. Det er eit stort arbeid i.o.m. at det er snakk om samarbeid med opp til 200 vestlandskommunar, alle NAV-kontor i Vestland fylke, fleire statlege institusjonar og opp mot 60 private institusjonar. Det vert også arbeidd med avtaleverket nasjonalt innan UHR-HS

for at samarbeidsavtalane skal få ein lik funksjon ved samarbeid om praksis både i spesialisthelsetenesta og i tenester i kommunane, NAV og innan barnevern. Medansvaret for utdanningsoppdraget må bli meir presist og tydeleg formulert i lovverket under alle sektordepartement.

# Kvalitetssikring og implementering av ny, felles studieplan

## Kvalitetssystemet

Kvaliteten i utdanningane ved HVL skal sikrast gjennom systematisk arbeid med forbetring og vidareutvikling. Systemet for arbeid med kvalitet i utdanningane gjeld all utdanning på alle nivå, og definerer måla for arbeidet med kvalitet. Kvalitetssystemet er vedtatt av styret og tar utgangspunkt i strategien til HVL.

### Roller og ansvar

Instituttleiing: Har ansvar for arbeidet med kvalitet i instituttet og ser til at dette blir gjennomført i tråd med systemet for arbeid med kvalitet i utdanningane ved HVL. Har eit overordna ansvar for læringsmiljøet i instituttet. Rapporterer i samsvar med fakultetet sin organisering.

Studieprogramansvarleg for utdanningar på bachelor- og masternivå: Dekan peiker ut kva funksjon som er studieprogramansvarleg for kvart studieprogram ved fakultetet, i tråd med stillings- og leiarstrukturen ved fakultetet. Leiar arbeidet med kvalitet på studieprogrammet og ser til at dette blir gjennomført i tråd med systemet for arbeid med kvalitet i utdanningane ved HVL. Har eit koordineringsansvar for studieprogram med fleire campus og samarbeid på tvers av campus. Rapporterer i samsvar med fakultetet sin organisering

Emneansvarleg: Dekan peiker ut kva funksjon som er emneansvarleg for emna ved fakultetet. Leiar arbeidet med kvalitet på emnet og ser til at dette blir gjennomført i tråd med systemet for arbeid med kvalitet i utdanningane ved HVL. Har eit koordineringsansvar for emne med fleire faglærarar og samarbeid på tvers av campus. Rapporterer i samsvar med fakultetet sin organisering.

## Utdanningsleiing ved studieprogrammet

Våren 2019 vart det, i samsvar med HVL sitt kvalitetssystem, etablert fire studieprogramråd for bachelor i sjukepleie. Studieprogramråd

Stord/Haugesund, studieprogramråd Bergen heiltid, studieprogramråd Bergen desentralisert og studieprogramråd Førde heiltid/samlingsbasert deltid. Desse studieprogramråda vert leia av fagseksjonsleiar ved dei respektive fagseksjonane og vert oppretthaldne fram til dei gamle studieprogramma er utfasa. Ny studieplan har vore informert om og drøfta i studieprogramråda i 2019.

I søknaden om godkjenning av studieplanen er det skissert korleis studieprogrammet er tenkt leia: «I tillegg vil det våren 2020 bli oppretta felles studieprogramråd for det nye bachelorprogrammet i sjukepleie, dette er planlagt leia av viseinstituttleiar ved IHO.» Søknaden skisserer også strukturen med emneansvarlege: «I det vidare arbeidet med implementering av ny studieplan har fagseksjonsleiarane på dei ulike studiestadane ei svært viktig rolle. Det vil vere emneansvarlege ved alle fire campus, som samarbeider om implementering av studieplanen. Det vert blant anna laga oppgåvepoolar for eksamensoppgåver som skal nyttast på tvers av campus. Programkoordinatorane har ein viktig funksjon i arbeidet både internt på campus, og med samordning på tvers av campus, og å halde tråden mellom emna i studieplanen. Samarbeidsmøter vert både digitalt (Skype eller videokonferanse) og fysisk. IHO har teke høgde for at det vil medføre auka reisekostnadar i perioden der ein implementerer nytt studieprogram for at samkøyringa skal fungere best mogleg.»

Ein modell for utdanningsleiing ved studieprogram bachelor i sjukepleie kan sjå slik ut:




- Instituttleiing har overordna ansvar – rapporterer til dekan
- Viseinstituttleiar er leiar for studieprogramrådet
- Felles studieprogramråd
- Fagseksjonsleiarane er studieprogramansvarlege og fungerer som arbeidsutval for studieprogramrådet - rapporterer til instituttleiing
- Ein emneansvarleg pr. «emnecluster» frå kvar fagseksjon, samarbeid på tvers – rapporterer til sin fagseksjonsleiar
- Ein av dei fem emneansvarlege har eit overordna ansvar og gjennomfører oppgåver som t.d. revisjon i EpN (studieadm. sørger for at revisjonen vert gjort identisk i alle emneplanar)
- Lokale emnegrupper ved alle fagseksjonar
- Lokale evalueringar av emner ved kvar fagseksjon

Dekanen ved FHS skal vedta organisering av utdanningsleiing ved studieprogrammet hausten 2020.

### Studieprogramråd ved studieprogrammet

Studieprogramråd skal gje dekan, institutt- og studieprogramleiing råd om:

- kvalitetsutvikling av studieprogramma slik at desse held høg kvalitet og relevans, har god rekruttering og gjennomstrøyming og tilfredsstiller forskrifter og rammeplanar
- korleis kontaktflatene til ulike eksterne aktørar som har relevans for studieprogramma kan vidareutviklast
- utvikling av det overordna læringsmiljøet ved studieprogrammet
- val av oppfølgingsform for studieprogrammet

Samansetning av studieprogramrådet (SPR) vert fastsett for kvart einskild studieprogramråd og skal sikre campus og kjønnsbalanse, alle medlemmer skal ha vara. Normalt leiar studieprogramansvarleg studieprogramrådet. Dersom fleire studieprogram er knytt til studieprogramrådet, utnemner dekan leiar. Ein av dei administrativt tilsette har sekretærfunksjon. Leiar og sekretær set opp saksliste for møta i fellesskap. Funksjonar som skal vere representert i studieprogramråd er: studieprogramansvarleg, fagleg tilsette, studentar, eksterne, administrativt tilsett(e). For å sikre campusrepresentasjon kan ein tenke seg at ein gjer ei fordeling med to fagseksjonsleiarar i SPR og to fagtilsette slik at dei tilsaman dekker alle fire campus. I tillegg må ein sikre at dei eksterne representantane dekker regionane nord-Rogaland og Vestland knytt opp mot dei ulike campus. For studentrepresentantar, er det truleg tilstrekkeleg å dekke to av fire campus. Leiar av SPR og adm.tilsett vil vere «campus-uavhengige» deltakarar.

## Opplæring av emneansvarlege

28.-29.01.2020 vart det gjennomført ein workshop for alle emneansvarlege i første studieår og programkoordinatorar ved fagseksjonane. Viseinstituttleiar leia workshopen og prosjektleiar deltok for å gje ei samla oversikt og kunnskap om heile studieplanen. Målet med workshopen var å starte arbeidet med operasjonalisering og implementering av emna i den nye studieplanen sitt første

studieår (SYK100, SYK110, SYK120P, SYK130 og SYK140). Dette arbeidet skal fortsette utover våren 2020 slik at emna er klare for studentkulla som startar på sjukepleiestudiet hausten 2020. I dette arbeidet er det viktig at ein har ei felles forståing for innhald og oppbygging av emna og studieplanen, ein skal også utarbeide felles eksamensoppgåver og pensum.

Haust/vinter 2020/21 og 2021/22 vil det bli arrangert liknande workshop for emna i andre og tredje studieår. Fagseksjonsleiarane og viseinstituttleiar er ansvarleg for å organisere workshopen.

Prosjektleiar har sidan desember 2019 deltatt i ei arbeidsgruppe som skal konkretisere og operasjonalisere innhaldet i det nye fellesemne «Danning og akademisk handverk». I løpet av dei to neste studieåra er det planlagt at studieprogram knytt til alle fire fakultet vil integrere fellesemnet i studieplanane. Frå studieåret 2020/21 barnevern, sosialt arbeid, vernepleie, sjukepleie, ergoterapi, fysioterapi, radiograf (alle FHS), bio-ingeniør (FIN) og historie (FØS). Utdanningar frå FLKI har oppstart frå studieåret 2021/22.

# Erfaringar med prosjektarbeidet

Ved etablering av prosjektgruppa 01.08.18, var det viktig med brei involvering. Dette førte til ei stor prosjektgruppe med totalt 15 medlemmer i tillegg til prosjektleiar. Alle fagseksjonar skulle delta med leiar og ein fagtilsett. I tillegg var det med ein person frå studieadministrasjonen, to studentar og ein tillitsvalt for å ivareta dei tilsette sine rettar. Dei ulike medlemmane hadde ulik kunnskap om nasjonale føringar, og ulik kompetanse i arbeidet med utvikling av studieplanar og emneplanar. Dette resulterte i at prosjektgruppa hadde behov for å bruke lang tid på å forstå innhald, oppbygging av studieplan og dei ulike emna og å utvikle eit meir konkret mandatet for arbeidet. At «Forskrift om nasjonal retningslinje for sykepleierutdanning» først vart vedteken i mars 2019, gjorde også til at prosjektarbeidet i perioden august 2018 til våren 2019 var prega av usikkerheit då ein venta på at retningslinja vart vedteken. Dette fordi retningslinja med tilhøyrande læringsutbyttebeskrivelsar var førande for arbeidet med HVL sin studieplan.

Mandatet som prosjektgruppa mottok frå leiargruppa ved FHS omhandla alle bachelorutdanningane ved fakultetet og la nokre felles føringar for arbeidet som dei ulike prosjektgruppene skulle gjere. For prosjektgruppa som skulle utarbeide ny studieplan for bachelor i sjukepleie var det ikkje klart frå starten av om innhaldet i emna i sjukepleieutdanninga ved HVL skulle vere heilt likt på tvers av campus. Dette omfatta tema, obligatoriske læringsaktivitetar og vurderingsform. Her var det behov for avklaringar frå fakultets- og instituttleiing til prosjektgruppa, før gruppa kunne gå vidare i prosessen med utvikling av felles studieplan.

Ved utnemning av deltakarar til prosjektgruppa gjekk prosjektleiar i dialog med Studenttinget for å få utnemnt to representantar frå studentane. Det tok lang tid før studentane var på plass og prosjektgruppa var kome godt i gang med arbeidet før studentane var utnemnt. Første gang studentane deltok i prosjektgruppa var på prosjektgruppemøte i januar 2019. Studentane opplevde det som utfordrande med konfliktar mellom obligatoriske læringsaktivitetar og deltaking i prosjektarbeid. Dei fekk dermed ikkje høve til å vere så delaktige i arbeidet som

ønskeleg. På bakgrunn av dette valte ein å sende studieplanen på høyring til Studenttinget for å sikre studentinvolvering.

For å spreie informasjon om arbeidet i prosjektet gjorde ein seg nytte av fagseksjonsleiarane sine møtepunkt med eigne fagtilsette. Her informerte fagseksjonsleiarane og dei fagtilsette som deltok i prosjektgruppa om prosessane som pågjekk. Det var utfordrande å få til felles møtepunkt for heile instituttet. Vi ser i dag at det kunne vore ei god løysing med webinar for dei tilsette ved instituttet for å sikre informasjonsflyt, avklaringar og forankring. Dette vart ikkje prøvd i prosjektet. Dermed vart instituttet sitt fellesmøte i Bergen hausten 2019 det høve vi hadde for å diskutere den nye studieplanen.

Sjølv om vi ser at det har vore utfordringar i arbeidet, så sit både prosjektgruppa, referansegruppa, fagmiljøet og leiinga att med mange nyttige erfaringar etter prosessen. Vi veit kva som har fungert godt – og kva som kunne vore ytterlegare optimalisert. Vi har tileigna oss kunnskap om styringssystem, lovverk og forskrifter og vi har fått fram eit sluttprodukt som no skal setjast ut i livet. No står vi overfor det som nok vil vere endå meir krevjande, men også gjevande – oppstart av nytt studieprogram og implementering av dette i alle fem fagseksjonar på fire campus.

## Tilrådingar for framtidig arbeid:

- I slike prosessar bør nasjonale føringar vere på plass før lokalt arbeid startar
- Sikre at HVL-vedtak knytt til arbeidet er tydlege på kva føringar som gjeld for dei ulike bachelorutdanningane, og kva dei ulike bachelorutdanningane sjølve skal ta stilling til.
- Vurdere tal personar som må vere med i ei prosjektgruppe.
- Sikre at medlemmar i prosjektgruppa har kompetanse innafor studieplanarbeid.
- Sikre at mandatet til gruppa er forstått av alle medlemmane.

- Vurdere tillitsvalde si rolle i utarbeiding av studieplan. Kan den tillitsvalde si rolle ivaretakast på anna vis som t.d. gjennom referansegruppe og å vere høyringsinstans.
- Gjennomføre webinar for dei tilsette i forkant av, og under prosjektarbeidet. Dette for å sikre felles/lik informasjon til alle.
- Vurdere om Studenttinget bør også ha tilgang til desse webinara.

# Litteratur


Govere, L., & Govere, E. M. (2016). How Effective is Cultural Competence Training of Healthcare Providers on Improving Patient Satisfaction of Minority Groups? A Systematic Review of Literature. *Worldviews Evid Based Nurs, 13*(6), 402-410. doi:10.1111/wvn.12176

Gower, S., Duggan, R., Dantas, J. A. R., & Boldy, D. (2017). Something has shifted: Nursing students' global perspective following international clinical placements. *Journal of Advanced Nursing, 73*(10), 2395-2406. doi:10.1111/jan.13320

HVL. (2019). Strategi 2019-2023. Fakultet for helse- og sosialvitskap. In H. p. Vestlandet (Ed.).

HøgskulenpåVestlandet. (2018). *Årsrapport 2017-2018*. Retrieved from Bergen: https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/strategi-og-plan/strategiprosessen/arsrapport-2017-2018---hogskulen-pa-vestlandet.pdf

Lov om universiteter og høyskoler, (2005).

Kunnskapsdepartementet. (2008). *Rammeplan for sykepleierutdanning*. Oslo Retrieved from https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/uh/rammeplaner/helse/rammeplan_sykepleierutdanning_08.pdf

Kunnskapsdepartementet. (2012). *Meld. St. 13 (2011-2012) Melding til Stortinget. Utdanning for velferd. Samspill i praksis*. Retrieved from https://www.regjeringen.no/contentassets/ac91ff2dedee43e1be825fb097d9aa22/no/pdfs/stm201120120013000dddpdfs.pdf

Kunnskapsdepartementet. (2015). *Meld. St. 18 (2014-2015) Konsentrasjon for kvalitet — Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren*. Oslo Retrieved from https://www.regjeringen.no/contentassets/86d1e31e78b44de6a3a15e913b092bf4/no/pdfs/stm201420150018000dddpdfs.pdf

Forskrift om felles rammeplan for helse- og sosialfagutdanninger, (2017a).

Forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning (2017b).

Kunnskapsdepartementet. (2017c). *Meld. St. 16. (2016 –2017) Melding til Stortinget. Kultur for kvalitet i høyere utdanning*. Oslo Retrieved from https://www.regjeringen.no/contentassets/aee30e4b7d3241d5bd89db69fe38f7ba/no/pdfs/stm201620170016000dddpdfs.pdf

Forskrift om nasjonal retningslinje for sykepleierutdanning, (2019a).

Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, (2019b).

# Vedlegg 1

Prosjektgruppe ved IHO, utvikling og samkøyring av bachelorutdanningane i sjukepleie:

- Hanne Marie Heggdal, prosjektleiar
- Else Cathrine Lütcherath Rustad, fagseksjonsleiar Haugesund
- Leif Steinar Alfsvåg, fagseksjonsleiar Stord
- Marianne Fjose, fagseksjonsleiar Bergen, heiltid
- Terje Årsvoll Olsen, fagseksjonsleiar Bergen, desentralisert
- Anny Aasprang, fagseksjonsleiar Førde, heiltid/samlingsbasert deltid
- Sølvi Anne Lunde, fagtilsett, Haugesund
- Solveig Laukhammer, fagtilsett, Stord
- Fred-Ivan Kvam, fagtilsett, Bergen
- Edith Margrethe Blåstersnes, fagtilsett, Bergen
- Lars Kyte, fagtilsett, Førde
- Hilde Kristin Tveit, rådgjevar utdanning
- Kristin Mo, tillitsvald, NSF
- Ann Helen Hareide, studentrepresentant
- Andrea Brekke Nordbø, studentrepresentant

# Vedlegg 2

Referansegruppe ved IHO, utvikling og samkøyring av bachelorutdanningane i sjukepleie:

- Viseinstituttleiar Dagrun Kyrkjebø, leiar av referansegruppa
- Prosjektleiar Hanne Marie Heggdal
- Representantar frå kommunehelsetenesta:
    - Kristin Bie, fagutviklingskonsulent, Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester, Helse Fonna kommunene
    - Harald Pedersen, seniorrådgiver i Bergen kommune
- Representantar frå spesialisthelsetenesta:
    - Anne Mette Koch, seniorkonsulent ved avdeling for forskning og utvikling på HUS, Helse Bergen
    - Inghild Espeland Mowatt, Helse Førde
- Brukarrepresentant:
    - Grete Müller
- 2 nyutdanna kandidatar i sjukepleie:
    - Ragnhild Prestbø
    - Helge Ullebust
- Tillitsvald:
    - Stig Riise Pettersen, NSF (vara: Reidun Stavland, NSF)

# Vedlegg 3

**Studieplan, bachelor i sjukepleie ved HVL, godkjent av Utdanningsutvalet ved HVL 11.12.19**

| **Felt:** | **Engelsk** | **FS-kode** | **I/E** | **Forklaring** |
|---|---|---|---|---|
| Nynorsk namn | | Fast felt | E | Bachelor i sjukepleie |
| Bokmål namn | | Fast felt | E | Bachelor i sykepleie |
| Engelsk namn | | Fast felt | E | Bachelor's degree in nursing |
| Institutt | Department | | I | Institutt for helse- og omsorgsvitskap |
| Utdanningsområde | Study area | | I | Sjukepleie |
| Studiepoeng | Credits | Fast felt | E | 180 |
| Normert studietid | Length of study | | E | - 6 semester/3 år heiltid<br>- 8 semester/4 år, deltid/desentralisert |
| Studiestad | Campus | RESTAD | E | Førde ☒ Sogndal ☐ Bergen ☒ Stord ☒ Haugesund ☒ |
| Finansiering | Funding | Fast felt | I | Basisfinansiert ☒ Internfinansiert ☐ Delfinansiert ☐ …. andel |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | Kursavgift ☐ Oppdrag ☐ |
| Studienivå | Level | Fast felt | I | Bachelornivå ☒ Masternivå ☐ PHD ☐ Fagskolenivå ☐ |
| Innleiing | Introduction | SPINNL | E | Høgskulen på Vestlandet utdannar sjukepleiarar som arbeider utifrå ein kunnskapsbasert praksis og eit personsentrert perspektiv. Gjennom studiet utdannar vi kandidatar som medverkar til fagleg forsvarlege og omsorgsfulle tenester for pasientar, brukarar og pårørande i alle situasjonar og livsfasar. Vi legg vekt på prosessar som fremmar studentane sin kompetanse til å kunne utøve fagleg leiing og kritisk tenking, refleksjon og til å ta avgjerder, læring gjennom heile livet, tverrprofesjonelt samarbeid, kommunikasjon, nytenking og innovasjon.<br><br>Føremålet med utdanninga er at studentane skal tileigne seg kompetanse til eit yrke som sjukepleiar. Dette betyr kompetanse til å nytte og utvikle kunnskapar, ferdigheiter og haldningar på ein god og tenleg måte i møte med pasient, brukar, pårørande og medarbeidarar.<br><br>Studieplanen er i tråd med Forskrift om felles rammeplan for helse- og sosialutdanningane og Forskrift om nasjonal retningslinje for sykepleierutdanning.<br><br>Utdanninga gir studentane kompetanse innan seks område:<br><br>1. Helse, sjukdom og sjukepleie<br><br>2. Sjukepleieprofesjonen, etikk, kommunikasjon og samhandling<br><br>3. Vitskapsteori og forskingsmetode |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 4. Fagleg leiing, kvalitet og pasienttryggleik<br><br>5. Tenesteutvikling og innovasjon<br><br>6. Teknologi og digital kompetanse<br><br>Alle kompetanseområda er gjennomgåande og dei kjem til syne i læringsutbytta i studieplanen både i teoretiske emne og i praksisemne.<br><br>**Skikkavurdering**<br><br>Det vert stilt krav til skikkaheit i yrket. Løpande skikkavurdering skjer gjennom heile studiet og inngår i ei heilskapleg vurdering av studenten sine faglege og personlege føresetnad for å kunne fungere som sjukepleiar jf. § 4.Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning. For meir informasjon sjå høgskulen si nettside om Skikkavurdering<br><br>**Autorisasjon**<br><br>Etter fullført utdanning vil kandidatane få tildelt autorisasjon, jf. § 48. i Lov om helsepersonell m.v. (helsepersonelloven). |
| Undervisningsspråk | Language of instruction | SPSPRAK | E | Norsk |
| Læringsutbytte | Learning outcome<br><br>Knowledge<br>Skills | SPLUB | E | Ein kandidat med fullført kvalifikasjon skal ha følgande totale læringsutbytte definert i kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:<br><br>*Kunnskap:* |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | General qualifications | | | Kandidaten…<br><br>• har brei kunnskap om mennesket sine grunnleggande behov, sjukepleiaren sine ulike funksjonar og ansvarsområde og personsentrert sjukepleie i eit livsløpsperspektiv<br>• har brei kunnskap om medisinske og naturvitskaplege tema relatert til sjukepleiaren sine funksjons- og ansvarsområde<br>• har kunnskap om samfunnsvitskaplege tema og kva betydning kultur- og språkbakgrunn har for sjukdomsforståing og likeverdige tenester relatert til sjukepleiaren sine funksjons- og ansvarsområde<br>• har kunnskap om fagleg leiing og organisering av helsetenesta, helse- og sosialpolitikk, samt kvalitet og pasienttryggleik i helsetenesta<br>• har kunnskap om metodar for brukarmedverknad og kjenner til verktøy for å drive innovasjonsprosessar, implementering og kontinuerleg forbetringsarbeid<br><br>*Ferdigheiter:*<br><br>Kandidaten…<br><br>• kan nytte fagleg kunnskap om helse og sjukdom i møte med ulike pasientgrupper og i tverrfagleg, tverrprofesjonell og tverrsektoriell samhandling for å sikre eit koordinert, heilskapleg og samanhengande behandlingsforløp på tvers av verksemder og gjennom heile livsløpet<br>• kan nytte kunnskap om helsefremmande og førebyggande arbeid<br>• kan nytte kulturkompetanse og kulturforståing i vurdering, planlegging, gjennomføring og evaluering av sjukepleie |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | <ul><li>kan nytte relasjons-, kommunikasjons og rettleiingskompetanse, samt kunnskap om lærings-, meistrings-, endringsprosessar og rettleiing og undervisning av pasientar, pårørande og anna helsepersonell</li><li>kan nytte fagleg kunnskap og relevante resultat frå forskings- og utviklingsarbeid, samt treffe val i tråd med kunnskapsbasert praksis</li><li>kan reflektere over faglege, etiske og juridiske problemstillingar, og justere eigen praksis i si tenesteutøving</li><li>kan reflektere over eksisterande rutinar og metodar, og ta initiativ til dialog om implementering av ny kunnskap og nye arbeidsmetodar</li></ul>*Generell kompetanse:*<br><br>Kandidaten…<ul><li>har innsikt i utvikling og bruk av teknologi og digitale løysingar på individ- og systemnivå</li><li>kan leie og prioritere oppgåver i sjukepleietenesta</li><li>kan planlegge og gjennomføre sjukepleie til akutt, kronisk og kritisk sjuke, og menneske med samansette og komplekse behov</li><li>kan planlegge og gjennomføre forsvarleg legemiddelhandtering</li><li>kan planlegge og gjennomføre kommunikasjon og samhandling med pasientar og pårørande basert på respekt, medverknad og integritet</li><li>kan planlegge og gjennomføre målretta tiltak for å redusere uønskte hendingar og variasjon i helsetenesta og tiltak som sikrar trygg overføring av pasientar mellom ulike einingar og nivå i helsetenesta</li></ul> |
| Opptakskrav | Admission requirements | SPOPP | E | <u>**Generell studiekompetanse**</u> |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 3-årig bachelorstudium i sjukepleie har krav om at søkaren må dokumentere eit snitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 3,0 i fellesfaget matematikk (224 timar). Karakterkravet i matematikk gjeld ikkje for søkarar som kan dokumentere bestått programfag i matematikk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande jf. Forskrift om opptak til høgre utdanning<br><br>**Tilleggskrav**<br><br>Medisinsk testing og vaksinasjon |
| Innhald og oppbygging | Contents and programme structure | SPINNH | E | Studiet går over seks semester på heiltid eller åtte semester på samlingsbasert deltid/desentralisert. Studiet er delt inn i 15 emne. I dei ulike emneplanane finn ein ei detaljert skildring av kvart enkelt emne.<br><br>Kvart studieår inneheld teori- og praksisstudiar. Gjennomgåande tema i utdanninga er personsentrert sjukepleie, etikk, pasienttryggleik, kommunikasjon, samhandling og fagleg leiing.<br><br>Første studieår omfattar grunnleggande sjukepleie, naturvitskaplege tema og leiing av eige arbeid. Andre studieår omfattar sjukepleie til akutt, kronisk og kritisk sjuke pasientar med behov for medisinske, kirurgiske og psykiske helsetenester, samt folkehelsearbeid. Tredje studieår omfattar sjukepleie ved komplekse og samansette pasienttilstander og sjukdomsbilete, og sjukepleiarfunksjonen knytt til fagleg leiing, tenesteutvikling og innovasjon. |
| Praksis | Placement | SPPRAKSIS | E | Praksisstudium utgjer 90 studiepoeng (2300 timar/60 veker). Det blir lagt til rette for varierte læringsaktivitetar i dei ulike praksisemna, desse går fram av emneplanane. Det er krav om 90 % frammøte i praksisemna jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | Høgskulen på Vestlandet nyttar praksisplassar i den enkelte campus sin nærregion. Høgskulen skaffar praksisplassar og det er høve til å søke om<br><br>tilrettelegging av praksis etter gjeldande reglement: https://www.hvl.no/student/praksis/tilrettelegging-av-praksis/<br><br>Studentane må sjølve skaffe seg bustad og dekke utgifter til reise i praksisperioden. Delar av utgiftene vert dekka etter følgande reglement. https://www.hvl.no/om/sentrale-dokument/reglar/dekking-av-bu-og-reiseutgifter/<br><br>I tillegg nyttar ein internasjonale praksisplassar innanfor land som er famna av ERASMUS sine mobilitetsavtalar, samt enkelte afrikanske land, Australia og Sør-Amerika.<br><br>Studentane skal i praksisstudia ha rettleiing av sjukepleiar som bør ha rettleiingskompetanse og minst eitt års erfaring som sjukepleiar. Det er sjukepleiar på praksisplassen som har ansvar for å rettleie studentane i praksisplassen sin spesialitet og eigenart. Studentane skal i hovudsak følge praksisrettleiar sine vakter.<br><br>Alle praksisperiodane blir vurderte til bestått/ikkje bestått med utgangspunkt i læringsutbytte for emne.  Det er praksislærar som har hovudansvar for sluttvurderinga.<br><br>Det gjennomførast ein vurderingssamtale midtvegs og ein i slutten av kvart praksisemne.<br><br>§ 10-7.Ved tvil om studenten består praksis (Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet) |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | (1) Når det oppstår tvil om studenten vil nå måla for læringsutbyttet og bestå praksis, og tvilen oppstår før studenten er halvvegs i praksisperioden, skal studenten få skriftleg varsel.<br><br>(2) Varselet skal presisere kva delar av læringsutbyttet studenten ikkje har oppnådd så langt i praksis. I varselet skal det òg gå fram korleis studenten kan oppnå og syne oppnådd læringsutbytte for å bestå praksis.<br><br>(3) Studenten skal få tilbod om samtale med praksisstaden og høgskulen der studenten får svar på spørsmål knytt til varselet og konsekvensar om studenten ikkje består praksis. Samtalen skal gjennomførast på eit tidspunkt som gjev studenten høve til å vise tilfredsstillande praksis, og seinast tre veker før praksisperioden er slutt. Ved praksisperiodar på fem veker eller mindre skal samtalen haldast halvvegs i perioden. Det skal førast referat frå samtalen og studenten får levere merknad til referatet.<br><br>Studenten kan også utan varsel på førehand få prestasjonen vurdert til ikkje bestått i praksisemne jfr Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet |
| Omfang av praksis i studiet | Extent of placement | Fast felt | I | 50% |
| Arbeidsformer | Teaching method | SPARB | E | Utdanninga legg vekt på å tilby undervisning basert på det fremste innan forsking, fagleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap. Undervisnings- og læringsformer vil variere i dei ulike emna, og dette går fram av dei enkelte emneplanane. Høgskulen på Vestlandet nyttar Canvas som sitt elektroniske læringsstøttesystem.<br><br>**Arbeidskrav** |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | Arbeidskrav er alle former for obligatoriske læringsaktivitetar som er sett som vilkår for å ha rett til å gå opp til eksamen og gå ut i direkte pasientretta arbeid i praksisstudium. Dei ulike arbeidskrava går fram av emneplanane. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet<br><br>Forventa studieinnsats for ein heiltidsstudent er 40 timar kvar veke. Krav om obligatorisk deltaking i undervisning, studiegrupper og praksis går fram av emneplan. Med mindre emneplan seier noko anna, er det krav om 80 % frammøte til det som vert sett som obligatorisk deltaking i undervisning og studiegrupper. I praksisstudia er det krav om 90 % frammøte. Fråvær frå obligatorisk frammøte vert handsama etter Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet |
| Vurderingsformer | Assessment | SPVURD | E | Kvart emne blir sluttvurdert og dei ulike vurderingsformene kjem fram av emneplanane.<br><br>Vurderingsuttrykk som nyttast er bestått/ikkje bestått eller gradert karakterskala A til F, der A til E er beståtte karakterar og F er ikkje bestått.<br><br>Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet |
| Krav til studieprogresjon | Required progression | SPKRA | E | Det vert stilt krav til progresjon i studiet. Krava kjem fram i emneplanane. Tidlegare tileigna kunnskapar og bruken av desse vil bli etterspurt i påfølgande emne.<br><br>Ein student som ikkje fyller krava til progresjon, blir flytta ned eit kull, og får justert utdanningsplanen. Ved overgang til nytt kull vil studieplan for det nye kullet vere gjeldande. |
| Internasjonalisering | Study abroad | SPINT | E | Alle emne ved sjukepleieutdanninga har ein tydeleg internasjonal profil. Dette omfattar mellom anna bruk av relevant engelskspråkleg litteratur, drøfting av internasjonale faglege problemstillingar i dei ulike emna og undervisning av |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | internasjonale gjesteførelesarar. Det vil også vere aktuelt å invitere internasjonale studentar, som har praksisstudie ved HVL, inn i faglege diskusjonar.<br><br>**Mobilitetsvindauge:**<br><br>HVL-studentar har fleire høve til å få internasjonal erfaring i løpet av utdanninga. Det vert tilbydd praksisemne i utlandet på 2-3 månadar i samarbeid med våre partnarinstitusjonar både i 2. og 3.studieår som korresponderer med emne i gjeldande studieår.<br><br>Innkomande internasjonale studentar får tilbod om tilrettelagt studie/emne av ulike lengde. |
| **Studieprogramansvarleg** | Programme coordinator | SPANSV | E | |
| Godkjent av<br><br><br>Dato | Approved by<br><br>Date | SPGOD | I | |

## Oppbygging/Emnekombinasjon for studieprogrammet

Tabellen gir ein oversikt over korleis studieløpet er.

## Bachelor i sjukepleie, 3-årig studieløp

| Semester | Emnekode og -navn | Studiepoeng | Status | Emnet går over tal semester/kommentar |
|---|---|---|---|---|
| 1.semester (haust) | SYK100 Grunnleggande sjukepleie | 7,5 | *Obligatorisk* | |
| 1.semester (haust) | SYK110 Danning og akademisk handverk | 7,5 | *Obligatorisk* | |
| 1.semester (haust) | SYK130 Anatomi, fysiologi, biokjemi og mikrobiologi | 15 | *Obligatorisk* | |
| *Sum studiepoeng 1. semester:* | | | | |
| 2.semester (vår) | SYK120P Praksisstudie, Grunnleggande sjukepleie | 15 | *Obligatorisk* | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 2.semester (vår) | SYK140 Sjukdomslære og farmakologi | 15 | *Obligatorisk* | |
| *Sum studiepoeng 2. semester:* | | | | |
| 3.semester(haust) | SYK200 Sjukepleie ved akutt, kronisk og kritisk sjukdom | 15 | *Obligatorisk* | |
| 3.semester (haust) | SYK220P Praksisstudie, Medisinsk sjukepleie ved akutt, kronisk og kritisk sjukdom | 15 | *Obligatorisk* | |
| *Sum studiepoeng 3. semester:* | | | | |
| 4.semester(vår) | SYK230P Praksisstudie, Kirurgisk sjukepleie ved akutt, kronisk og kritisk sjukdom | 15 | *Obligatorisk* | |
| 4.semester (vår) | SYK250 Folkehelse i eit nasjonalt og globalt perspektiv | 7,5 | *Obligatorisk* | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 4.semester (vår) | SYK260P Praksisstudie, Folkehelseperspektiv i ein nasjonal og global kontekst | 7,5 | *Obligatorisk* | |
| *Sum studiepoeng 4. semester:* | | | | |
| 5.semester (haust) | SYK300 Sjukepleie ved komplekse og samansette pasienttilstandar og sjukdomsbilete | 7,5 | *Obligatorisk* | |
| 5.semester (haust) | SYK320P, Praksisstudie, Sjukepleie ved komplekse og samansette pasienttilstandar og sjukdomsbilete i kommunehelsetenesta | 15 | *Obligatorisk* | |
| 5.semester (haust) | SYK330P Praksisstudie, sjukepleie ved psykisk sjukdom/liding | 15 | *Obligatorisk* | Emne går over 5. og 6.semester |
| *Sum studiepoeng 5. semester:* | | | | |
| 6.semester (vår) | SYK360P Praksisstudie, Fagleg leiing, tenesteutvikling og innovasjon | 7,5 | *Obligatorisk* | |
| 6.semester (vår) | SYK390 Bacheloroppgåve i sjukepleie | 15 | *Obligatorisk* | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | |
| *Sum studiepoeng 6. semester:* | | | | |

## Bachelor i sjukepleie, 4-årig studieløp (gjeld samlingsbasert deltidsstudie og desentralisert utdanning)

| Semester | Emnekode og -navn | Studiepoeng | Status | Emnet går over tal semester/kommentar |
|---|---|---|---|---|
| 1.semester (haust) | SYK110 Danning og akademisk handverk | 7,5 | *Obligatorisk* | |
| 1.semester (haust) | SYK130 Anatomi, fysiologi, biokjemi og mikrobiologi | 15 | *Obligatorisk* | |
| *Sum studiepoeng 1. semester:* | | | | |
| 2.semester (vår) | SYK100 Grunnleggande sjukepleie | 7,5 | *Obligatorisk* | |
| 2.semester (vår) | SYK120P Praksisstudie, Grunnleggande sjukepleie | 15 | *Obligatorisk* | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| *Sum studiepoeng 2. semester:* | | | | |
| 3.semester (haust) | SYK140 Sjukdomslære og farmakologi | 15 | *Obligatorisk* | |
| 3.semester (haust) | SYK200 Sjukepleie ved akutt, kronisk og kritisk sjukdom | 15 | *Obligatorisk* | Emne vil gå over 3. og 4.semester |
| *Sum studiepoeng 3. semester:* | | | | |
| 4.semester (vår) | SYK220P Praksisstudie, Medisinsk sjukepleie ved akutt, kronisk og kritisk sjukdom | 15 | *Obligatorisk* | |
| *Sum studiepoeng 4. semester:* | | | | |
| 5.semester(haust) | SYK230P Praksisstudie, Kirurgisk sjukepleie ved akutt, kronisk og kritisk sjukdom | 15 | *Obligatorisk* | |
| 5.semester (haust) | SYK250 Folkehelse i eit nasjonalt og globalt perspektiv | 7,5 | *Obligatorisk* | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| *Sum studiepoeng 5. semester:* | | | | |
| 6.semester (vår) | SYK260P Praksisstudie, Folkehelseperspektiv i ein nasjonal og global kontekst | 7,5 | *Obligatorisk* | |
| 6.semester (vår) | SYK300 Sjukepleie ved komplekse og samansette pasienttilstandar og sjukdomsbilete | 7,5 | *Obligatorisk* | |
| 6.semester (vår) | SYK320P, Praksisstudie, Sjukepleie ved komplekse og samansette pasienttilstandar og sjukdomsbilete i kommunehelsetenesta | 15 | *Obligatorisk* | *Dette emne vil gå over 6. og 7.semester* |
| *Sum studiepoeng 6. semester:* | | | | |
| 7.semester (haust) | SYK330P Praksisstudie, sjukepleie ved psykisk sjukdom/liding | 15 | *Obligatorisk* | |
| *Sum studiepoeng 7. semester:* | | | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 8.semester (vår) | SYK360P Praksisstudie, Fagleg leiing, tenesteutvikling og innovasjon | 7,5 | *Obligatorisk* | |
| 8.semester (vår) | SYK390 Bacheloroppgåve i sjukepleie | 15 | *Obligatorisk* | |
| *Sum studiepoeng 8. semester:* | | | | |

# SYK100 Grunnleggande sjukepleie

| **Felt:** | **Engelsk** | **FS-kode** | **I/E** | **Forklaring:** |
|---|---|---|---|---|
| **Emnekode** | | Fast felt | E | SYK100 |
| **Nynorsk namn** | | Fast felt | E | Grunnleggande sjukepleie |
| **Bokmål namn** | | Fast felt | I | Grunnleggende sykepleie |
| **Engelsk namn** | | Fast felt | I | Basic nursing |
| **Studiepoeng** | Credits | Fast felt | E* | 7,5 |
| Studienivå | Level | | I | Bachelornivå☒ Masternivå☐ PHD☐ |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | Vidareutdanning (EVU)☐ Forkurs (nivå under bachelor)☐ |
| Praksisemne | Placement | | I | Ja☐ Nei☒ |
| Institutt | Department | | I | Institutt for helse- og omsorgsvitskap |
| **Tilhøyrer studieprogram** | Study programme | Fane, studieprogram | E* | Bachelor i sjukepleie |
| **Innhald og oppbygging** | Contents and structure | EBINNH | E | Emnet dannar eit teoretisk grunnlag for kunnskap og forståing for mennesket sine grunnleggande behov og sjukepleiaren sin helsefremmande, førebyggande, behandlande, rehabiliterande og lindrande funksjon, inkludert palliasjon.<br><br>Emnet dekker i tillegg følgande tema:<br><br>• sjukepleieprosessen<br>• sjukepleiedokumentasjon<br>• personsentrert sjukepleie<br>• verdiar og omgrep i sjukepleie<br>• helse og sjukdom<br>• mennesket sine grunnleggande behov (fysiske, psykiske, sosiale og åndelege behov)<br>• motivasjon og meistring<br>• stress, kriser og sorg<br>• hygiene og smittevern<br>• aldringsprosessen<br>• sjukepleie til personar med kognitiv svikt<br>• yrkesetiske retningslinjer<br>• offentlege dokument og gjeldande lovverk med særskilt fokus på teieplikt og brukarmedverknad |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Læringsutbytte** | Learning outcome<br><br>Knowledge<br>Skills<br>General qualifications | EBLUB | | Ein student med fullført emne skal ha følgande læringsutbytte definert i kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse.<br><br>*Kunnskapar*<br>Studenten…<br><br>• har brei kunnskap om mennesket sine grunnleggande behov<br>• har kunnskap om sentrale verdiar og omgrep i sjukepleie<br>• har kunnskap om sjukepleiaren sin helsefremmande, førebyggande, behandlande, rehabiliterande og lindrande funksjon, inkludert palliasjon<br>• har kunnskap om infeksjonsførebyggande tiltak<br>• har kunnskap om aldringsprosessen<br>• har kunnskap om personsentrert sjukepleie<br>• har kunnskap om kvalitet og pasienttryggleik innanfor pleie- og omsorgstenesta<br>• har kunnskap om yrkesetiske retningslinjer og gjeldande myndigheitskrav<br><br>*Ferdigheiter*<br>Studenten…<br><br>• kan vise til fagleg kunnskap og relevante resultat frå forskings- og utviklingsarbeid<br><br>*Generell kompetanse*<br>Studenten…<br><br>• kan formidle sentralt fagstoff, problemstillingar og løysingar |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | • kjenner til standard terminologi i dokumentasjon av sjukepleie |
| **Krav til forkunnskapar** | Entry requirements | EBFORK | E | Ingen |
| **Tilrådde forkunnskapar** | Recommended previous knowledge | EBTILRAD | E | Ingen |
| **Undervisnings- og læringsformer** | Teaching methods | EBARB | E | • Førelesingar<br>• Arbeid i grupper<br>• Multimodale ressursar<br>• Formidling frå studentar<br>• Ferdigheitstrening<br>• Simulering<br>• Rettleiing<br>• Medstudentrespons<br>• Oppgåveløysing<br>• Sjølvstudium |
| **Arbeidskrav** | Course requirements | EBFORP | E | Følgande obligatoriske læringsaktivitetar må vere godkjent før kandidaten kan framstille seg til eksamen:<br><br>Arbeidskrav 1: Deltaking i studiegruppe med medstudentrespons og rettleiing. Tema: Helseomgrepet.<br><br>Arbeidskrav 2: Deltaking i studiegruppe med medstudentrespons og rettleiing. Tema: Sjukepleiaren sitt funksjons- og ansvarsområde. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | Arbeidskrav 3: Deltaking i studiegruppe med medstudentrespons og rettleiing. Tema: Etisk refleksjon.<br><br>Arbeidskrava er gyldig i fire semester. |
| **Vurderingsform** | Assessment | EBVURD | E | Individuell skriftleg skuleeksamen, 4 timar.<br><br>Tid og stad for eksamen blir gitt på Studentweb.<br><br>*Vurderingsuttrykk:*<br><br>Gradert karakterskala A til F, der A til E er bestått karakter og F er ikkje bestått karakter.<br><br>*Ny eksamen:*<br><br>Ny eksamen blir gjennomført med same form som ved ordinær eksamen. |
| **Hjelpemiddel ved eksamen** | Examination aids | EBHJELP | E | Ingen |
| **Fagleg overlapp** | Credit reduction | Fast felt, vekt.red. | E | |
| **Emneansvarleg** | Course coordinator | EBANSV | E* | |
| **Studiestad** | Campus | EBSTAD | E* | Haugesund, Stord, Bergen og Førde |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Undervisningsspråk** | Language of instruction | EBSPRAK | E* | Norsk |
| **Undervisningssemester** | Semester of instruction | EBUNDSEM | E* | Haust ☒<br><br>Vår☒<br><br>Merknad: vårsemester ved opptak til studie i januar. Kan også vere aktuelt for deltids- og desentralisert utdanning |
| **Eksamenssemester** | Semester of examiniation | EBSEM | E* | Haust☒<br><br>Vår☒<br><br>Merknad: vårsemester ved opptak til studie i januar. Kan også vere aktuelt for deltids- og desentralisert utdanning |
| **Litteratur** | Literature | EBLITT (Kun gamle HSH til ny felles løsning er på plass) | E | Litteraturlister skal vere publisert innan starten av kvart semester |
| Godkjent dato | Date of approval | | I | |

# SYK110 Danning og akademisk handverk

| Felt: | Engelsk | FS-kode | I/E | Forklaring: |
|---|---|---|---|---|
| **Emnekode** | | Fast felt | E | SYK110 |
| **Nynorsk namn** | | Fast felt | E | Danning og akademisk handverk |
| **Bokmål namn** | | Fast felt | I | Danning og akademisk håndverk |
| **Engelsk namn** | | Fast felt | I | Bildung and academic craft |
| **Studiepoeng** | Credits | Fast felt | E* | 7,5 |
| Studienivå | Level | | I | Bachelornivå☒ Masternivå☐ PHD☐<br><br>Vidareutdanning (EVU)☐ Forkurs (nivå under bachelor)☐ |
| Praksisemne | Placement | | I | Ja☐ Nei☒ |
| Institutt | Department | | I | Institutt for helse- og omsorgsvitskap |
| **Tilhøyrer studieprogram** | Study programme | Fane, studieprogram | E* | Bachelor i sjukepleie |
| **Innhald og oppbygging** | Contents and structure | EBINNH | E | Danning gjennom utdanning bidreg til klok bruk av kunnskap. Emnet Danning og akademisk handverk er eit innføringsemne og er studentens første møte med Høgskulen på Vestlandet sitt faglege og sosiale fellesskap. Den profesjons- og arbeidslivsretta høgskulen byggjer på samspel, berekraft og nyskaping. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | Emnet fremjar perspektiv og teoriar som aukar forståinga av globaliseringa i samtida og gir grunnlag for å meistre samansette uføresette utfordringar. Innføringsemnet rettar merksemda mot berekraft og vårt felles globale ansvar både for dei som lever i dag og dei som kjem etter oss. Emnet bidreg til å stimulere studenten til å vere aktiv og nysgjerrig, til å ta ansvar for eiga læring og til å utvikle evna til nyskaping.<br><br>Emnet siktar mot å utvikle studentanes kunnskap om ulike profesjonar og fag si forståing av og refleksjon over kunnskap og etikk. Dette vert sett i forhold til utdanning og berekraft. Emnet legg til grunn at vitskapleg arbeid mellom anna er eit akademisk handverk. Informasjonskompetanse og skriving av tekstar utgjer deler av dette handverket, og emnet gir grunnleggjande opplæring. Ved bruk av akademiske arbeidsmåtar vert ein kjent i og tek del i bygginga av kunnskapens hus. Handverket set ein i stand til å kunne vurdere og dokumentere informasjonskjelder, og til å utvide og utdjupe kunnskap. Handverket set ein stand til å skrive akademiske tekstar.<br><br>Danning er det som mennesket prøver å gjere av seg sjølv i eit samfunn. Danning gjer det mogleg å takle den historiske situasjonen. Kunnskapar, haldningar og åtferd hjelper mennesket å leva på ein meiningsfull måte i og med verda. Danning er det som tillèt det siviliserte, berekraftige og frie samfunnet å eksistere.<br><br>Utdanning er menneskets formidling og tileigning av kunnskap, ferdigheiter og evner. Slik vert individet i stand til å delta i arbeidsprosessar. Utdanning byggjer menneske og samfunn.<br><br>Emnet legg FNs berekraftmål til grunn. Berekraft-omgrepet omfattar eit bevaringsperspektiv, men har også i seg ønskje om nyskaping og utvikling. Berekrafta står på tre likestilte pilarar: økologisk berekraft, økonomisk |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | berekraft (til dette høyrer likeverd) og sosio-kulturell berekraft (inkludert global sosial rettferd).<br><br>Emnet går i det første semesteret av studiet og skjer i samspel med studentar, fagleg og administrativt tilsette Emnet har ein felles del som utgjer 5 studiepoeng og ein spesifikk fakultetsdel på 2,5 eller 5 studiepoeng (ved 10 studiepoengs emnemodular). Delen som er felles og fakultetsdelen utgjer ei integrert eining.<br><br>Innhaldet i emnet er:<br><br>• etikk<br>• vitskapsteori<br>• vitskaplege metodar<br>• berekraft<br>• akademisk skriving,<br>• informasjonskompetanse<br>• kjeldebruk<br>• kommunikasjon<br>• samarbeid<br>• profesjonshistorie |
| **Læringsutbytte** | Learning outcome<br><br>Knowledge<br>Skills<br>General qualifications | EBLUB | | Ein student med fullført emne skal ha følgande totale læringsutbytte definert i kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:<br><br>***Kunnskapar***<br><br>Studenten<br><br>• har kunnskap om vitskaplege arbeidsmetodar og forskingsbasert kunnskap |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | • har kunnskap om relevansen av profesjonell kompetanse og profesjonanes perspektiv på forholdet mellom teori og praksis<br>• har kunnskap om forholdet mellom profesjonell kompetanse, arbeidsliv og samfunn i samtid og fortid<br>• kjenner hovudlinjene i diskusjonen om ansvar for berekraftig utvikling i det globale samfunnet<br>• har kunnskap om kommunikasjon og samarbeid<br><br>***Ferdigheiter***<br><br>Studenten kan<br><br>• finne, vurdere og bruke ulike kunnskapskjelder og digitale verktøy i eiga kunnskapsbygging<br>• skrive ein tekst som tematiserer berekraft og som tilfredsstiller grunnleggjande akademiske krav<br>• drøfte sentrale problemstillingar i vitskapanes og etikkens teori<br><br>***Generell kompetanse***<br><br>Studenten skal<br><br>• kan utvikle, revidere og ferdigstille ein fagleg tekst som tilfredsstiller dei akademiske krava<br>• kan identifisere og klargjere etiske val og dilemma i arbeidslivet<br>• kan ta inn diskusjonar om berekraft og vere kritisk og reflekterande til eige fagområde og til vitskapane generelt |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Krav til forkunnskapar** | Entry requirements | EBFORK | E | Ingen |
| **Tilrådde forkunnskapar** | Recommended previous knowledge | EBTILRAD | E | Ingen |
| **Undervisnings- og læringsformer** | Teaching methods | EBARB | E | Det vert nytta studentaktive læringsformer og ein omvendt klasseroms pedagogikk med digitale ressursar i emnet i Canvas. Undervisnings- og læringsformane vil slik variere mellom ressursførelesingar og aktivitetar som fremmar refleksjon og gruppetilhøyr. Gruppearbeidet med rettleiing vert nytta som ein gjennomgåande aktivitet. |
| **Arbeidskrav** | Course requirements | EBFORP | E | Følgjande obligatoriske læringsaktivitetar må vere godkjende før studenten får framstille seg til eksamen i emnet:<br>• Digitalt kurs i informasjonskompetanse<br>• Deltaking i gruppearbeid med rettleiing<br>• Aktivt bidrag i utvikling og deling av digital presentasjon i gruppa.<br>Arbeidskrava er gyldig i tre semester |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Vurderingsform** | Assessment | EBVURD | E | Oppgåve<br>Skriftleg gruppeoppgåve, lengde 1 500 ord +/- 10%.<br><br>Tid og stad for eksamen, sjå Studentweb.<br><br>Vurderingsuttrykk:<br>Bestått/ikkje bestått<br><br>Ny eksamen:<br>Ved ikkje bestått eksamen må studentane levere ei ny skriftleg gruppeoppgåve |
| **Hjelpemiddel ved eksamen** | Examination aids | EBHJELP | E | Alle |
| **Fagleg overlapp** | Credit reduction | Fast felt, vekt.red. | E | Ingen |
